



Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk

Vår 2015

«Ei raudgrøn-ish dame som meg»

*Grammatisk og semantisk om det engelske (-)ish brukt i
norsk*

Signe Nilssen

Føreord

Den første gongen eg såg *(-ish)* i bruk, var då ein kamerat og eg skulle avtale å møtast. «Så åtte-*ish*, da?» skreiv han. Eg tykte det var ein interessant måte å leggje fram eit tidspunkt på. Eg kan ikkje hugse om eg kommenterte det, men det festa seg såpass i minnet at eg no har skrive masteroppgåva mi om *(-ish)*.

Det har vore veldig givande å fordjupe seg i eit fenomen som er så nytt og tilsynelatande uutforska i det norske språket. Det er mange som skal ha takk for å ha vore til hjelp og støtte og som har bidrige med oppmuntring gjennom arbeidet. Eg vil trekkje fram nokre av desse i dette føreordet. Eventuelle feil og manglar i denne avhandlinga er det berre eg som har ansvaret for.

Eg vil takke Torodd Kinn for framifrå rettleiing. Du har halde ut med eit utal e-postar med «morosame» døme, du har vore streng når det trengst og lydhøyr når eg har stått fast i skrivinga. Du har vist stor glede og interesse for prosjektet mitt. Hadde du ikkje sett så glad ut den første gongen eg nemnde *(-ish)*, hadde eg kanskje skrive ei heilt anna oppgåve. Eg har snakka om kor heldig eg er som har deg til rettleiar til alle eg møter! At du, som eg, er sunnfjording, er berre ein bonus.

Takk til Andreas, som introduserte meg for *(-ish)* då vi skulle finne eit høveleg tidspunkt.

Lisa, Christina og Elin, de er supre vener som alltid tar dykk tid til meg, både når eg er glad og lei, og de har gjort at pausane frå skrivearbeidet har vore meiningsfulle og styrkande.

Takk!

Lesesalsmiljøet på nordisk skal ha mange takk for kjekke, lange lunsjpausar og godt fagleg og sosialt fellesskap gjennom masterstudiet. Eg vil trekkje fram Elin, Stine, Ellen og Trond spesielt.

I åra som student har eg hatt fleire gode førebilete i fagmiljøet, som alltid har synt interesse for det eg held på med. Eg vil takke Odd Einar Haugen og Ole-Jørgen Johannessen spesielt. I tillegg vil eg takke Kari Haugland og Dagmar Haumann, som har bidrige med interesse for forskinga mi, kommentarar og råd til arbeidet mitt, og relevant og nyttig litteratur om *(-ish)* i engelsk.

Tusen takk til Jens, som har lese korrektur på avhandlinga. Eg kunne ikkje ha funne ein betre person til dette arbeidet. Takk også til Janne, som har hjelpt meg med den engelske versjonen av samandraget.

Takk til familien min, som har vist interesse for, og glede over, arbeid og progresjon i studiet.

Til sist vil eg rette ein spesielt stor og kjærleg takk til syster mi, Hildegunn, som har hatt tru på meg heilt sidan eg bestemte meg for å begynne å studere etter mange års pause, og som har gitt meg ein god heim desse fem åra som student. Eg hadde ikkje greidd det utan deg!

Innhald

1	Innleiing.....	1
1.1	Forventingar og funn	2
1.2	Tidlegare forsking.....	2
1.2.1	(-) <i>ish</i> i engelsk	2
1.2.2	Liknande undersøkingar av suffiks	4
1.3	Problemstilling og forskingsspørsmål	5
1.3.1	Kva tyder (-) <i>ish</i> ?	5
1.3.2	Er det eit ord eller eit suffiks? Kva for type ord eller suffiks i så fall?	5
1.3.3	Kva for type ord og frasar opptrer (-) <i>ish</i> saman med?	5
1.3.4	Kva for funksjon har (-) <i>ish</i> ?.....	6
1.4	Innhaldet i avhandlinga	6
2	Teori	8
2.1	Grammatikk.....	8
2.1.1	Ord.....	8
2.1.2	Avleiningssuffiks	10
2.1.3	Suffiksoid og klitikon	11
2.1.4	Grammatikalisering og avgrammatikalisering	12
2.1.5	Leksikalisering og konvensjonalisering.....	14
2.1.6	Bøygde ord og frasar som basar i avleiningar.....	15
2.1.7	Teorien om einsarta grunnord	16
2.1.8	Produktivitet.....	16
2.2	Semantikk	18
2.2.1	Kontekst.....	18
2.2.2	Polysemi, heterosemi, homonymi	18
2.3	Kontaktlingvistikk	19
2.3.1	Grammatisk lån	19
2.3.2	Pragmatisk lån.....	19
3	Metode.....	21
3.1	Val av søkeområde	21
3.2	Korleis søkje.....	22
3.2.1	Søk på Internett med Google	22
3.2.1.1	Utsortering av «støy»	24
3.2.2	Aviskorpuset	24
3.2.3	Atekst, Mediarkivet.....	25
3.2.4	Avsluttande rydding i materialet.....	25
3.3	Kategorisering av døma.....	25
3.3.1	Trefford i kontekst	26
3.3.2	Ish-ord/uttrykk	27
3.3.3	Etter eller før medkonstituent?.....	27
3.3.4	Ortografisk	27

3.3.5	Medkonstituent	28
3.3.6	Type medkonstituent.....	28
3.3.7	Modifiserar og type modifiserar	29
3.3.8	Overkonstruksjon og type overkonstruksjon	29
3.3.9	Ish-uttrykk-funksjon	30
3.3.10	Ordklasse el. liknande, ish-uttrykket.....	30
3.3.11	Fleire kategoriar.....	30
3.4	Korleis analysere grammatisk.....	31
3.5	Korleis analysere semantisk	32
4	Grammatisk analyse	34
4.1	(-ish er eit suffiks.....	34
4.1.1	(-ish)-uttrykket er eit adjektiv	35
4.1.1.1	Medkonstituenten er eit substantiv (appellativ).....	35
4.1.1.1.1	Overkonstruksjonen er eit nominal.....	35
4.1.1.1.2	Overkonstruksjonen er ei setning.....	35
4.1.1.1.3	Overkonstruksjon manglar.....	36
4.1.1.2	Medkonstituenten er eit substantiv (proprium).....	36
4.1.1.2.1	Overkonstruksjonen er eit nominal	37
4.1.1.2.2	Overkonstruksjonen er ei setning.....	37
4.1.1.2.3	Overkonstruksjon manglar.....	38
4.1.1.3	Medkonstituenten er eit adjektiv	39
4.1.1.3.1	Overkonstruksjonen er eit nominal	39
4.1.1.3.2	Overkonstruksjonen er ei setning.....	40
4.1.1.3.3	Overkonstruksjon manglar.....	41
4.1.1.4	Medkonstituenten er ei setning.....	41
4.1.1.4.1	Overkonstruksjonen er eit nominal	41
4.1.1.4.2	Overkonstruksjonen er ei setning.....	41
4.1.1.5	Medkonstituenten er eit verb (partisipp).....	42
4.1.1.6	Medkonstituenten er eit årstal.....	42
4.1.2	(-ish)-uttrykket er brukt som eit substantiv eller ei substantivfrase	42
4.1.2.1	Medkonstituenten er eit substantiv (appellativ) eller ein substantivfrase	42
4.1.2.1.1	Overkonstruksjonen er ei setning.....	42
4.1.2.1.2	Overkonstruksjonen er ein preposisjonsfrase.....	43
4.1.2.1.3	Overkonstruksjonen er nominal apposisjon.....	43
4.1.2.1.4	Overkonstruksjon manglar.....	44
4.1.2.2	Medkonstituenten er eit proprium	44
4.1.2.2.1	Overkonstruksjonen er ein preposisjonsfrase.....	44
4.1.2.2.2	Overkonstruksjon manglar.....	44
4.1.2.3	Medkonstituenten er adjektiv eller substantiv	45
4.1.2.4	Medkonstituenten er ei setning.....	45
4.1.2.5	Medkonstituenten er ein kvantor	45
4.1.3	(-ish)-uttrykket er eit substantiv eller eit adjektiv	45

4.1.3.1	Overkonstruksjonen er ei setning	45
4.1.3.1.1	Overkonstruksjon manglar	45
4.1.4	(-)ish-uttrykket er ein kvantor	46
4.1.4.1	Overkonstruksjonen er ei setning (eller ein infinitivkonstruksjon)	46
4.1.4.2	Overkonstruksjonen er eit nominal	46
4.1.4.3	Overkonstruksjonen er ein preposisjonsfrase	47
4.1.4.4	Overkonstruksjon manglar	47
4.1.5	(-)ish-uttrykket er eit klokkeslett	47
4.1.5.1	Overkonstruksjonen er ei setning	47
4.1.5.2	Overkonstruksjonen er ein preposisjonsfrase	48
4.1.6	Overkonstruksjon manglar	48
4.1.7	(-)ish-uttrykket er eit årstal	48
4.2	<i>Ish</i> er eit ord	48
4.2.1	<i>Ish</i> er føreledd i ei samansetjing	48
4.2.2	<i>Ish</i> er eit sjølvstendig ord	49
4.2.2.1	<i>Ish</i> er eit adverb	49
4.2.2.2	<i>Ish</i> er eit adjektiv	49
4.3	Usikkert om (-)ish er ord eller suffiks	50
4.3.1	(-)ish-uttrykket er eit substantiv eller ein substantivfrase	50
4.3.1.1	Overkonstruksjonen er ein preposisjonsfrase	50
4.3.1.2	Overkonstruksjonen er ei setning	50
4.3.1.3	Overkonstruksjon manglar	51
4.3.2	(-)ish-uttrykket er eit adjektiv eller ein adjektivfrase	51
4.3.2.1	Overkonstruksjonen er eit nominal	51
4.3.2.2	Overkonstruksjonen er ei setning	51
4.3.3	(-)ish-uttrykket er ein kvantor	51
4.3.3.1	Overkonstruksjonen er eit nominal	51
4.3.3.2	Overkonstruksjonen er ein preposisjonsfrase	52
4.3.3.3	Overkonstruksjon manglar	52
4.3.4	(-)ish-uttrykket er eit adverb	52
4.3.5	(-)ish-uttrykket er ein dato (og overkonstruksjon manglar)	52
4.4	Diskusjon	52
4.4.1	Frie og bundne former	52
4.4.2	Produktivitet og (-)ish	54
4.4.3	Bøyingsendingar og (-)ish	55
4.4.4	Mengdeeiningar og (-)ish	56
4.4.5	Språknamn/nasjonalitetsnamn og (-)ish	57
4.5	Oppsummering	58
5	Semantisk analyse	59
5.1	Heilskapen er adverbial	62
5.2	Heilskapen er ein kvantor	63
5.3	Heilskapen er adjektivisk	63

5.3.1	Det adjektiviske uttrykket med modifiserar	63
5.3.2	Medkonstituenten er eit substantiv	64
5.3.3	Medkonstituenten er eit adjektiv.....	65
5.3.4	Medkonstituenten er eit proprium.....	66
5.3.5	Andre typar medkonstituentar.....	67
5.4	Heilskapen er nominal	67
5.5	Oppsummering	72
6	Oppsummering og konklusjonar.....	73
6.1	Kva for type uttrykk er <i>(-ish</i> , og korleis oppfører det seg i norsk?.....	73
6.1.1	Kva tyder <i>(-ish?</i>	73
6.1.2	Er det eit ord eller eit suffiks? Kva for type ord eller suffiks i så fall?	74
6.1.3	Kva for type ord og frasar opptrer <i>(-ish</i> saman med?	74
6.1.4	Kva for funksjon har <i>(-ish?</i>	74
6.2	Vidare forsking	75
	Korpus og søkjesider.....	76
	Bibliografi	77
	Kjelder for bruksdøma som er funne via Norsk Aviskorpus	79
	Kjelder for bruksdøma som er funne via Google	80
	Kjelder for bruksdøma som er funne via Mediarkivet.....	90
	Samandrag.....	95
	Summary	96

1 Innleiing

Hva er greia med `ish?

Har i løpet av kort tid (spesielt de siste ukene) lagt merke til at folk har startet med noe helt idiotisk. Nemlig å legge til `ish bak et ord. Jeg har ikke peiling på hva dette er for noe (nytt nettord som har startet?) men jeg kjenner magen vrenger seg da jeg både hører og leser folk som skriver dette. Dette høres ut som noe jeg kunne sagt når jeg var 12 år gammel for da var jeg dritcoolIO azz! Hørte noen jenter som snakka mens jeg venta på bussen her om dagen, og de drev på med dette snakket.¹

Dette sitatet var noko av det første eg fann då eg skulle samle inn materiale som skulle ligge til grunn for undersøkingane eg har gjort i denne avhandlinga. Teksten er skriven 26. november 2012. Typiske konstruksjonar med (-)ish kan sjå slik ut:²

- 51: En sterk helhetlig plate, med fine indierock-melodier kombinert med en unik-ish vokal og god lyrikk utgjør terningkast fem på terningen fra Filters anmelder.
- 206: jeg skal nemlig på p3 fra 8-ish, så det er bare å skru på om du vil høre morgenstemmen min.

(-)ish ser ut til å ha kome inn i (skriven) norsk frå engelsk på slutten av 1990-talet. Det tidlegaste dømet eg har funne, er frå 10. august 1996, altså om lag 16 år før skrivaren av det første sitatet hadde begynt å leggje merke til fenomenet:

prøvd Afterstep? den er relativt beta'ish, men lover godt.³

I tale er det umogleg å vite sikkert når det har blitt tatt i bruk, men det er rimeleg å tru at dette skjedde før dei skrivne variantane. Ut ifrå dei skriftlege kjeldene eg har sett, har bruken auka med åra. I dag er uttrykksmåten såpass synleg at det blir kommentert i slike webforum som i det innleiande dømet, men han har også fått ein plass i nyordboka til *Det Norske Akademis Store Ordbok* (NAOB) på nett.⁴ (Sjå kapittel 5.) Ut over dette har eg ikkje funne det norske (-)ish omtala i faglitteraturen.

Døma ovanfor viser at (-)ish opptrer i ulike grammatiske konstruksjonar, og dei syner langtfrå den fulle variasjonsbreidda. Ikkje berre den grammatiske funksjonen, men også tydinga

¹ <http://freak.no/forum/showthread.php?t=236545>

² Nummereringa viser til den interne ID-en døma har fått i arbeidsskjemaet mitt. Sjå kjeldelister bak i avhandlinga.

³ [https://groups.google.com/forum/#!topic/no.general/qPgAwwabz_M\[1-25\]](https://groups.google.com/forum/#!topic/no.general/qPgAwwabz_M[1-25]) Dette dømet er ikkje ein del av det materialet som blir undersøkt vidare i avhandlinga.

⁴ <http://www.naob.no/nyordene>

varierer. Denne oppgåva undersøkjer dei ulike aspekta ved grammatikken og semantikken til *(-)ish* i norsk. Det empiriske grunnlaget for undersøkinga er døme som i hovudsak er samla inn frå Internett, med supplerande materiale frå Mediarkivet og Norsk Aviskorpus.

1.1 Forventingar og funn

I utgangspunktet rekna eg med at ei så lita eining som *(-)ish* ikkje åleine kunne undersøkast berre grammatisk og semantisk i ei større avhandling. Eg vurderte også å trekke inn språklege tema som sosiolingvistikk og språkhaldninga. Det viste seg likevel ganske raskt at det var meir enn nok å undersøkje *(-)ish* berre grammatisk, semantisk og i nokon grad kontaktlingvistisk.

Eg kjente til bruk av *(-)ish* som suffiks knytt til klokkeslett, kvantorar og i nydanningar av adjektiv av substantiv og adjektiv, og forventa at det var denne bruken eg ville finne i undersøkingane mine. Etter kvart viste det seg at desse forventingane stemte, men eg fann òg bruksmåtar eg ikkje hadde forventa. Til dømes oppdaga eg at i nokre tilfelle blei substantiv + *(-)ish* til ei ny substantivisk eining – mot det vanlege, som er at heilskapen blir adjektivisk. Vidare såg eg at i nokre få døme stod *(-)ish* fremst i samansetjingar. I det heile synte det seg av *(-)ish* er brukt på langt fleire måtar enn venta, noko som førte til at særleg den grammatiske handsaminga måtte bli meir omfattande enn først tenkt.

1.2 Tidlegare forsking

Som sagt har eg ikkje funne omtaler av *(-)ish* i den norske faglitteraturen. Eg har også undersøkt fire slangordbøker av nyare dato, men ingen av desse hadde ført opp *(-)ish* (Abdi, 2013; Hasund; 2006; Kunnskapsforlaget, 2006; Tryti, 2008). Også i engelsk ser *(-)ish* ut til å vere lite omtala utover oppføringer i ordbøker, morfologiske handbøker og liknande. To i hovudsak semantiske omtalar av *(-)ish* i engelsk har vore brukte som samanlikningsgrunnlag og bakgrunnsstoff for denne avhandlinga, spesielt i den semantiske analysen. Dei er skrivne av Stefanie Kuzmak (2007) og Lori Morris (2009). I tillegg til å greie ut om desse to i neste underkapittel, der eg også trekkjer inn bidrag frå andre, vil eg nedanfor kort nemne nokre liknande undersøkingar av suffiks.

1.2.1 *(-)ish* i engelsk

-ish (*-isc*) stammar frå gamalengelsk, og blei først nytta til å lage adjektiv av substantiv knytte til etnisitet og nasjonalitet (*English, Polish*). I gamalengelsk finn ein også formasjonar med eit avgrensa tal andre animate substantiv (*foolish, sheepish*). Desse blei ganske raskt leksikaliserte, truleg før mellomengelsk periode. Vidare inn i den mellomengelske perioden

har suffikset begynt å opptre med nokre få ikkje-animate substantiv (*bookish, stylish*). Det neste steget i mellomengelsk var at *-ish* tok til å opptre med adjektiv. Seinare har bruken ekspandert, og suffikset har begynt å opptre med fleire typar medkonstituentar som setningar, frasar, proprium, tal og adverbial (Morris, 1998: 207–8; Traugott & Trousdale, 2013: 233–35; Kuzmack, 2007: 1).

Eg vil kort gjere greie for den synkrone engelske bruken av *(-)ish* ved å gå gjennom kva nokre forskarar har skrive. Lori Morris (1998) ser diakront og synkront på *(-)ish* i artikkelen «A toughish problem: the meaning of *-ish*». Her tar ho føre seg semantikken til *(-)ish*, men ser også på kva for type medkonstituentar som finst, og i kva grad danningstypane er produktive. Ho skriv innleiingsvis:

Unfortunately little has been written about the English adjectival suffix *-ish*. The few comments that are offered in standard grammars generally suggest that *-ish* functions as an approximator whose meaning could be paraphrased by the words *somewhat, around, sort of, approaching, like* and so forth.
(Morris, 1998: 207)

(-)ish blir altså sett på som ein «approximator»; ein tilnærmar, som eg har valt å setje det om til. Det finst fleire døme som står opp om denne tolkinga, og Morris nemner *dullish, outdoorish, thirtyish, blueish, Mark Twainish, boyish* og *sweetish-sourish* (ibid.). Her ser ein at medkonstituentane er adjektiv, substantiv, kvantorar, proprium og frasar. I engelsk er det altså breidde i kva for medkonstituentar som *(-)ish* kan brukast med. Morris nemner at det i dag i mindre grad blir laga nydanningar der appellativ er medkonstituent:

While it still is highly productive when appended to adjectives, noun phrases and proper nouns, its use in combination with nominal bases is more restricted. If the expressive effect sought is one of approximation, *-ish* can be used with a wide variety of bases on an ad hoc basis. However, the suffix no longer seems to be producing adjectives which are subsequently lexicalized in the same manner as early creations such as *foolish* and *fiendish*.

(Morris, 1998: 208)

Kuzmack identifiserer tre variantar av *(-)ish*: *Ish1*, som er den eldste forma *(-isc)* frå gamalengelsk som blei brukt til etnisitet og nasjonalitet. *Ish2* er meir produktivt og blir lagt til meir generiske substantiv for å lage adjektiv som tyder ‘of the nature of –’ eller ‘like X’ (*foolish, fiendish*). Til sist kjem *ish3*, som tyder ‘somewhat like X, approximately eller kind of’ (*blueish, soonish*). Dei to siste har nokså lik meaning, men har ulik veklegging av likskap og skilnad. Dei handlar begge om samanlikning, men der *ish2* legg vekt på likskapen, legg *ish3* vekt på mangelen på likskap. Når nokon er *foolish*, minner dei om ein *fool*, medan dersom ein dress er *blueish*, når ikkje fargen heilt opp til å vere *blue*. I engelsk finst det døme

på at *ish* opptrer som sjølvstendig ord, og Kuzmack meiner at dette har utvikla seg frå *ish3* (Kuzmack, 2007: 2).

Kuzmack argumenterer for at *ish2* har blitt klitikon i tillegg til suffiks, at *ish3* har gått via klitikon til ord, og at *ish2* og -3 har gått og går gjennom ei avgrammatikalisering – dette på grunn av at det kan knyte seg til heile frasar. Norde (2009) stiller seg noko tvilande til dette, då også suffiks kan knyte seg til frasar. Der *ish* opptrer som eige ord, derimot, ser ho på det som eit klårt tilfelle av avgrammatikalisering. Kuzmack og Norde peikar begge på (-)*ish* sin fleksibilitet med tanke på plassering. Sjølv om (-)*ish* står i slutten av ei setning, kan det modifiserer noko tidlegare i setninga:

Hobbies: painting, photography, documentary film, skating(ish)

I dette dømet seier Kuzmack og Norde at (-)*ish* ikkje modifiserer *skating*, men *hobbies*. Norde omformulerer dette til ‘skating is kind of a hobby of mine, but not serious’ (Norde, 2009: 225; Kuzmack, 2007: 7).

Norde tar føre seg nokre kriterium for avgrammatikalisering og jamfører dei med utviklinga av (-)*ish*-bruk i engelsk. Ho peikar på at det uavhengige *ish* ikkje lenger berre er eit modifiserande morfem, og at det må skrivast om til ei setning dersom ein skal forklare semantikken til uttrykket (*resemanticization*). I motsetnad til «etnisk» (-)*ish* og samanliknings-*ish*, har kvalifiserings-*ish* alltid trykk når det opptrer sjølvstendig (*phonological ‘strenghtening’*). (-)*ish* treng ikkje kome rett etter ytringa det skal modifisere (*scope expansion*). (-)*ish* har blitt eit fritt morfem (*severance*). (-)*ish* kan opptre i ulike delar av ytringa (*flexibilization*). (Norde, 2009: 224)

(-)*ish* i engelsk har altså utvikla seg grammatisk og semantisk frå gamalengelsk periode fram til i dag. Det har ganske stor fleksibilitet i val av medkonstituentar og i plassering i ytringar. Nye danningar har låg grad av leksikalising, og opptrer i stor utstrekning i *ad hoc*-konstruksjonar.

1.2.2 Liknande undersøkingar av suffiks

Gunvor Nilsson (1993) ser diakront på suffikset *-aktig* i doktorgradsavhandlinga si «Aktig-ord förr och nu». Ho undersøkjer korleis suffikset har etablert seg i svensk, og kva for tydingar og funksjonar suffikset har og har hatt i svensk. Ho går nokså detaljert til verks, og grupperer medkonstituentane til *-aktig* ikkje berre i ordklassar, men også etter semantikken til dei ulike ordklassane. For denne avhandlinga er det ikkje mogleg å presentere eit så nyansert bilet. For

det første er *(-)ish* i høgste grad eit svært synkront tema, og for det andre er det ikkje så etablert at det har festa seg i tydelege mønster. Elles er *-aktig* svært aktuelt å jamføre med *(-)ish*, sidan ein ved omskriving til konvensjonell norsk svært ofte vil ty til dette suffikset.

Eit anna nærskyldt arbeid som er verdt å nemne, er Ragnhild Söderberghs undersøking av suffikset *-mässig* i svensk (1964). Men dette er også ein studie som ser diakront på eit godt etablert suffiks.

Vidare er Torodd Kinns (2007) undersøking av *(-)vis* i norsk relevant med tanke på dei ulike, men nærskylda meiningsane uttrykket har. På same måte som *(-)ish* kan *(-)vis* vere ord eller suffiks, og som suffiks dannar begge uttrykk av ulike grammatiske kategoriar.

1.3 Problemstilling og forskingsspørsmål

Den overordna problemstillinga for denne avhandlinga er:

Kva for type uttrykk er *(-)ish*, og korleis oppfører det seg i norsk?

Eg vil sjå på korleis uttrykket kan skildrast grammatisk og semantisk i norsk. For å få etablert og presentert nyansane meir synleg, formulerer eg fire forskingsspørsmål.

1.3.1 Kva tyder *(-)ish*?

Kva er semantikken til *(-)ish* i norsk? Skil han seg frå den engelske? Kva for omskrivingar til meir konvensjonell norsk kan ein ty til for å forstå uttrykket betre? Som vi skal sjå vidare i avhandlinga, er det mange moglege omskrivingsmåtar for uttrykket – ikkje berre fordi uttrykket i seg sjølv verkar å ha nyanseforskjellar innan liknande kontekstar, men òg fordi *(-)ish* opptrer med ei rekke typar medkonstituentar. Likevel er det interessant å finne ut om det går an å formulere *ei* overordna tyding som kan vere gyldig for alle dei ulike bruksmåtane.

1.3.2 Er det eit ord eller eit suffiks? Kva for type ord eller suffiks i så fall?

I engelsk opptrer *(-)ish* både som ord og avleiingssuffiks; gjeld det same for norsk?

Grammatisk sett er det viktig å få etablert kva for type element som skal undersøkast. I døma som blir undersøkte, følgjer ein ikkje alltid vanleg norsk setningsoppbygging og grammatikk. Det trengst detaljerte grammatiske analysar for å avgjere kva slags uttrykk ein har med å gjere.

1.3.3 Kva for type ord og frasar opptrer *(-)ish* saman med?

(-)ish ser ut til å opptre med fleire typar medkonstituentar. Det er naudsynt, i forlenginga av spørsmålet i 1.3.2, at den grammatiske analysen er detaljert for å få fram kva for ordklassar og

frasetypar desse medkonstituentane høyrer til. Den semantiske analysen må også vere delt inn i grammatiske kategoriar for å få fram dei innhaldsmessige variantane. Slik kan ein få eit bilet av kva for typar grammatiske element (-)ish representerer.

1.3.4 Kva for funksjon har (-)ish?

Som vi skal sjå i den semantiske analysen, kan (-)ish ofta skrivast om til konvensjonelle norske suffiks, ord og uttrykksmåtar. Likevel må ein undersøke om (-)ish av og til har bruksmåtar som ikkje heilt enkelt let seg omskrive. Er det berre eit moteord, eller har det ein funksjon vi har bruk for?

1.4 Innhaldet i avhandlinga

Føremålet med denne oppgåva er å kartleggje bruken av (-)ish i norsk. Oppgåva vil vise at suffikset/ordet i stor grad oppfører seg på same måte som i engelsk, men at det også har oppstått ein ny bruksmåte i norsk som, så vidt eg kjenner til, ikkje finst i engelsk, der (-)ish er ein del av nominal som ikkje er språknamn. (-)ish opptrer med ei rekke typar medkonstituentar i ulike syntaktiske funksjonar. Overordna tyder (-)ish ‘som minner om’ og ‘**noko** som minner om’(høvesvis adjektivisk og nominal tyding).

Denne avhandlinga er i stor grad empirisk. Det vil seie at eg har undersøkt ei rekke døme på (-)ish-bruk og analysert dei. Ynsket mitt har vore å presentere, analysere og skildre funna mine. I den grad teoretiske aspekt blir trekte inn, er det for å kommentere spesielle trekk ved orddanning og i nokon grad trekk som er relevante for språkkontakt. Delar av den teorien som ligg føre, er der for å danne eit omgrepssapparat.

Kapittel 2, Teori, er delt i tre. Den første delen tar føre seg nokre grammatiske definisjonar knytte til ord, suffiks og ordliknande einingar. Vidare kjem eg inn på ulike teoriar som gjeld orddanning, grammatikalisering og avgrammatikalisering, leksikalisering og konvensjonalisering, bøygde ord og frasar som basar i avleiring, teorien om einsarta grunnord og produktivitet. I den andre delen ser eg på omgrep knytte til semantikk. Her kjem eg inn på kontekst, polysemi, heterosemi og homonymi. I den tredje delen ser eg kort på omgrep knytte til kontaktlingvistikk: grammatisk og pragmatisk lån.

Kapittel 3, Metode, skisserer korleis eg har arbeidd med å samle inn, strukturere og analysere funna mine.

I kapittel 4 analyserer eg døma mine grammatisk. Kapittelet er delt i fire. Overordna har eg gått ut ifrå om døma skal reknast for å vere ord eller suffiks, og i tillegg har eg ein del som

handsamar dei døma som ikkje tydeleg let seg klassifisere som ord eller suffiks. I analysen går eg vidare ut ifrå kva for ordklasse det heilskaplege uttrykket har, og deretter kva for ordklasse medkonstituenten til *(-)ish* har. Desse er igjen sorterte etter kva for type overkonstruksjon *(-)ish*-uttrykket er del av, og kva for funksjon det har i overkonstruksjonen.

I den siste delen av kapittelet jamfører eg funna mine med kriterium frå teorikapittelet, og eg kjem eg inn på nokre interessante grammatiske trekk ved enkelte av døma mine. I nokre av tilfella skil desse nydanningane seg frå konvensjonell orddanning. Desse spesielle grammatiske trekka blir kommenterte i lys av dei relevante orddanningsteoriane som blir presenterte i teorikapittelet.

I den semantiske analysen, kapittel 5, har eg overordna gått ut ifrå kva for ordklasse det heilskaplege uttrykket høyrer til. Vidare har eg delt inn etter kva for typar medkonstituent *(-)ish* opptrer med. I dette kapittelet jamfører eg med tilsvarende analysar gjorde for engelsk, og eg ser også på moglege omskrivingsmåtar til konvensjonell norsk. Føremålet med den semantiske analysen er å finne ei overordna, felles tyding for dei ulike variantane av *(-)ish*.

I avslutningskapittelet oppsummerer eg funna mine, og eg prøver å gi svar på problemstillinga og forskingsspørsmåla.

2 Teori

I dette kapittelet ser eg på teoretiske omgrep som er relevante for orddanning generelt og den norske bruken av (-)ish spesielt. Eg kjem til å kome inn på ulike grammatiske, semantiske og kontaktlingvistiske tema. Omgrepa eg skal presentere, må femne ganske vidt fordi materialet som skal handsamast, er svært komplekst. Analysen i kapittel 4 vil syne at (-)ish kan vere både eit ord og eit suffiks, og det finst døme som ikkje ein tydig kan kategoriserast som det eine eller det andre. Vidare opptrer (-)ish i avleiingar som kan vere adjektiviske, adverbiale og nominale. Det er altså viktig å ha eit omgrevsapparat og nokre kriterium som kan hjelpe til i det analytiske arbeidet. Eg kjem til å knyte temaa som blir presenterte, til relevansen dei har for innhaldet i denne avhandlinga. Dette kapittelet er delt inn i ein grammatisk og ein semantisk del. I nokre av temaa er det naudsynt å syne relevansen for både det grammatiske og det semantiske aspektet. Til sist ser eg kort på teori knytt til grammatisk og pragmatisk lån.

2.1 Grammatikk

Den grammatiske analysen av (-)ish brukt i norsk tar stor plass i denne avhandlinga. Eit av spørsmåla eg søker å få svar på, er kva for slags grammatisk element (-)ish er. Eg vil sjå på kva den grammatiske litteraturen har å seie om definisjonar av ord, suffiks og ordliknande einingar for å etablere eit omgrevsapparat. Vidare er det nokre aspekt ved det innsamla materialet som er interessante for ulike teoriar knytte til orddanning. Eg kjem inn på grammatikalisering og avgrammatikalisering, leksikalisering og konvensjonalisering og teoriar om orddanning. Mot slutten av dette delkapittelet ser eg på produktivitet.

2.1.1 Ord

Kva eit ord er, må definerast både fonologisk og syntaktisk. I den grammatiske analysen nyttar eg overordna eit fonologisk kriterium for å vurdere om (-)ish er eit ord eller eit suffiks, nemlig om eininga har trykk eller ikkje. Vidare må eg sjå på plasseringa av eininga i setninga, og gjere vurderingar om ho kan flyttast eller sløyfast.

Norsk referansegrammatikk (Faarlund et al., 1997: 15) set opp to kriterium for korleis ein skal definere at noko er eit ord:

- A: Et ord er en meningsbærende enhet som kan (men ikke behøver) uttales med eget selvstendig trykk (hovedtrykk).
- B: De enkelte delene av et ord kan ikke bytte plass eller skilles fra hverandre ved at et annet ord blir skutt inn.

Desse kriteria er ganske enkle. I mange av døma mine er det vanskeleg å avgjere om ein skal sjå på (-)ish som eit ord eller eit suffiks. Sidan eg berre har skrivne døme å gå ut ifrå, må eg sjølv gjere vurderingane av i kva grad ein kan plassere eit trykk eller ikkje. I tillegg kan suffiks også bere trykk for å framheve til dømes det samanliknande elementet i ytringa. Dette illustrerer Stefanie Kuzmack når ho vil peike på forskjellen mellom *Ish2* og *Ish3*:

For example, *ish3*'s increased semantic salience led to the option of stressing it for pragmatic purposes, as in (1) versus (2). [...] This is an additional difference between *ish2* and *ish3*: *ish3* can always be stressed, even as an affix, whereas *ish2* can **never** be stressed. *Ish2* emphasizes the similarity of a comparison, but by stressing you emphasize the **fact** of a comparison, which has the opposite effect – in other words, the effect of *ish3*. Consider (3) and (4) [...]; (4), where *ish2* is stressed, is terrible.

- (1) That color is greenish.
- (2) That color is **greenish**, but it's more of a blue shade.
- (3) John is childish.
- ??(4) John is **childish**.

(Kuzmack, 2007: 2)

Trykk kan altså ikkje åleine vere med å bestemme om vi snakkar om eit ord eller ikkje, men kontrastivt trykk kan nyttast til å framheve eigenskapar ved basen i avleininga, utan at suffikset skal reknast for å vere eit ord.

Alan Cruse (2011) har, i tillegg til eit kriterium som svarar til *B* i *Norsk referansegrammatikk*, dette kriteriet for ord: «It can be moved about in the sentence, or at least its position relative to other constituents can be altered by inserting new material.» (Cruse, 2011: 75.)

Kva som kan definerast som eit ord, varierer frå språk til språk. Vi snakkar om analytiske og syntetiske språk. Der einingar står mellom mellomrom i setningar, er det kan hende enklare å identifisere eininga som eit ord, men der dei syntaktiske einingane og funksjonane blir dregne saman til ei større eining, er det vanskelegare å skilje ut kva ein skal sjå på som ord, og kva ein skal sjå på som bøyning.

Dixon og Aikhenvald diskuterer ulike typar kriterium for ord. Dei deler definisjonane sine inn i *fonologiske ord* og *grammatiske ord*:

A **phonological word** is a phonological unit larger than the syllable (in some languages it may minimally be just one syllable) which has at least one (and generally more than one) phonological defining property chosen from the following areas:

- (a) *Segmental features* – internal syllabic and segmental structure; phonetic realisations in terms of this; word boundary phenomena; pause phenomena.
 - (b) *Prosodic features* – stress (or accent) and/or tone assignment; prosodic features such as nasalization, retroflexion, vowel harmony.
 - (c) *Phonological rules* – some rules apply only within a phonological word; others (external sandhi rules) apply specifically across a phonological word boundary.
- (Dixon og Aikhenvald, 2002: 13)

A **grammatical word** consists of a number of grammatical elements which:

- (a) always occur together, rather than scattered through the clause (the criterion of cohesiveness);
- (b) occur in a fixed order;
- (c) have a conventionalized coherence and meaning.

(Dixon og Aikhenvald, 2002: 19)

Døma som vert handsama i denne avhandlinga, er berre skrivne. Likevel har eg i stor grad tatt i bruk kjennskapen min til korleis ulike (-)ish-uttrykksmåtar blir uttalte. Utgangspunktet for inndelinga i den grammatiske analysen har vore om eg ville ha uttalt dei ulike (-)ish med trykk eller ikkje. Eg reknar også majoriteten av døma mine som munnlege i stilten. Difor er prosodiske trekk som pause og trykk naudsynte å ha med i definisjonar for ord. I tillegg finst det døme der (-)ish og medkonstituenten er «scattered», og dette kan vere ein indikasjon på at ein må sjå på eininga som eit ord.

2.1.2 Avleiingssuffiks

(-)ish i engelsk er i hovudsak eit avleiingssuffiks som blir brukt til å lage adjektiv av adjektiv og substantiv. Dette gjeld i hovudsak også for den norske bruken. *Norsk referansegrammatikk* nemner fem kriterium for å skilje avleiingsaffiks frå bøyingsaffiks i norsk. For denne avhandlinga er ikkje dei fire første interessante, for det er ikkje eit spørsmål om ein skal sjå på (-)ish som eit bøyningssuffiks. Noko som er relevant for nokre av døma, er plasseringa av avleiingssuffiks i høve til bøyningssuffiks: Det femte kriteriet seier at bøyingsendingar alltid står på slutten av ordet, medan avleiingssuffiks kjem innanfor desse (Faarlund et al., 1997: 58).

Martin Haspelmath (2002) skil mellom frie og bundne former og set opp typiske kjenneteikn der han seier at dei frie formene er prosodisk uavhengige medan dei bundne formene er prosodisk avhengige. Ein kan til dømes ta (lengre) pausar mellom frie ordformer, men det kan ikkje kome ein pause før ei bunden eining.

Vidare seier han at dei frie formene kan uttalast med kontrastivt trykk, altså at ein kan leggje trykk på den delen av ytringa som er viktig for det som skal seiast (*PÅL begynte å spele* vs. *Pål begynte å SPELE*). Dei bundne formene kan ikkje uttalast med kontrastivt trykk (**Pål begynTE å spele* eller **Pål begynte Å spele*) (jf. Kuzmack i 2.1.1)

Dei frie formene kan også bli kontrasterte ved utbryting, altså at ein kan framheve til dømes handlaren i ei ytring (*Det var Pål som begynte å spele* vs. *Pål begynte å spele*). Ei slik utbryting kan ein ikkje gjere med dei bundne formene.

Frie former kan også koordinerast. Ein kan seie tar *du med bade- og treningsstøy?*, men ikkje **tek du med kniv- og gaflar?*

Bundne former har sjeldan trykk; der dei ber trykk, er det ofte på grunn av at ein, i større samansette einingar av frie og bundne former, kan flytte trykket internt i ordforma. Trykket gjeld då heile ordforma, ikkje den bundne eininga. Frie former kan bere trykket åleine.
(Haspelmath, 2002: 150–51)

Desse kriteria kjem eg til å undersøke nærmare i den grammatiske analysen i kapittel 4 for å konstrastere suffikset *-ish* og ordet *ish*.

2.1.3 Suffiksoid og klitikon

Når ein studerer ord og ordelement, finst det døme som ikkje eintydig kan kategoriserast som ord eller affiks: affiksoid (i dette tilfellet i så fall suffiksoid) og klitikon.

Samansettingar inneholder to jamstilte ord, der etterleddet er kjerne. Avleiingar inneholder ein base og eit avleiingssuffiks, der avleiingssuffikset er kjerne sidan suffikset bestemmer ordklasse og bøyning. Semiord og suffiksoid er omgrep ein kan ty til når ein ikkje heilt sikkert kan fastslå om det siste leddet i samansettinga eller avleiinga skal reknast for å vere eit ord eller eit suffiks, og ligg ein stad mellom suffiks og ord. Det finst ulike metodar for å undersøke i kva grad ein kan rekne slike einingar for å vere ord, affiks eller affiksoid. Kenesei (2007) viser ved koordinasjonsprøver at nokre meir ordlike einingar lettare let seg sløyfe enn dei som er openberre avleiingssuffiks.

Susan Olsen (2014: 31) omtalar semisuffiks i *The Oxford Handbook of Derivational Morphology*:

«[...] the postulation of an intermediate category between a lexeme and an affix does not guarantee any real clarity in dealing with the question of the delineation of an affix from a lexeme, and thus serves no function. But upon closer examination, other problems accrue with the use of the term. Certain lexemes lend themselves easily to combinations in which they are specified via a co-constituent.

Ut ifrå materialet som er handsama i denne avhandlinga, ser det ikkje ut til at *(-)ish* kan reknast med mellom affiksoida. *(-)ish* opptrer anten som ord eller som suffiks, og det synest klart at det ikkje er tale om at *(-)ish* er etterledd i samansettingar. Difor vil ikkje dette bli handsama nærmare.

Eit anna ordliknande element er klitikonet. Eit klitikon er fonologisk usjølvstendig, det må hektast på ei anna eining. I yngre norrønt gjekk det sjølvstendige determinativet (*h)inn*⁵ over

⁵ Og dei ulike variantane som kom i ulike kasus, tal og genus.

til å bli samandrege med substantivet det opptrødde med. Det hadde framleis ei eiga determinativ meinig, men det hadde blitt eit klitikon. Sidan har klitikonet blitt sterkare grammatikalisert og har enda opp som eit bøyingsuffiks.

Martin Haspelmath skriv at klitikon ligg mellom frie former og affiks.

Clitics are generally regarded as a type of word-forms, but they are different from free word-forms in that they are prosodically dependent and have all the other features of bound forms that we have seen.⁶ Thus, the rules by which clitics are combined with their hosts (the elements to which they attach and which they rely on for ‘prosodic support’) are considered to be not in the domain of morphology, **but in the domain of syntax** (and/or perhaps phonology).

(Haspelmath, 2002: 152, mi utheting)

Typiske ord er syntaktisk og fonologisk sjølvstendige og affiks er syntaktisk og fonologisk usjølvstendige. Klitikon er syntaktisk sjølvstendige, men fonologisk usjølvstendige.

Stefanie Kuzmack (2007: 3–5) argumenterer for at *Ish2* og *Ish3* i engelsk kan vere både klitikon og affiks. Dette grunngir ho med at det kan knytast til ulike typar frasar, setningsledd og ordklassar. Eg støttar Muriel Norde (2009: 224), som ikkje er heilt overtydd om at dette er tilfellet, då ho peikar på at det ikkje er uvanleg at affiks knyter seg til heile frasar.

I materialet som ligg til grunn for avhandlinga, er det ikkje noko som tyder på at *(-)ish* opptrer som eit klitikon. Der *(-)ish* ikkje klart er eit suffiks, har det trykk. Dette viser at det er fonologisk sjølvstendig, noko klitikon nettopp ikkje er. Difor kjem eg ikkje til å handsame dette nærrare.

2.1.4 Grammatikalisering og avgrammatikalisering

I norsk ser det ut til at *(-)ish* har vore i bruk i skrift i om lag 15–20 år (jf. kapittel 1). I tale er det naturlegvis ikkje mogleg å gje eit klårt tidspunkt for når uttrykket blei tatt i bruk. I dei skandinaviske språka⁷ er det difor for tidleg å seie noko om diakron utvikling. I engelsk, derimot, må ein sjå på uttrykket diakront. Ulike variantar av *(-)ish* ser ut til å ha gått gjennom både grammatikalisering og avgrammatikalisering.

Grammatikalisering kan skje med ord og orddelar. Til dømes har det norrøne substantivet *hús* blitt til preposisjonen *hos*. Vidare har eit avleiringssuffiks som *-skap* tidlegare hatt ei meir gjennomsiktig tyding ‘noko som er skapa som’.

⁶ Sjå 2.1.2.

⁷ I samtaler med kjenningar frå Sverige og Danmark har eg fått vite at *(-)ish* er i bruk også der til klokkeslett, kvantorar og i nydanna adjektiv. Ein tilsvarende analyse av *(-)ish* i svensk og dansk vil vere interessant å jamføre med funna eg har gjort, men eg kjenner ikkje til at det finst slike analysar for desse språka.

««[G]rammaticalization» refers to that part of the study of language change that is concerned with such questions as how lexical items and constructions come in certain linguistic contexts to serve grammatical functions or **how grammatical items develop new grammatical functions.**» (Hopper og Traugott, 2003: 1, mi utheting.) For denne avhandlinga er det dette siste som er relevant; (-)ish blei i utgangspunktet lagt til namn på nasjonalitetar og folkegrupper for å lage adjektiv som skildra tilknytinga til desse. Sidan har då bruken blitt utvida, eller reanalyser, til å bli lagt til i fleire typar avleing.

Sjølve morfemet ser ikkje ut til å ha fått avsvekt semantikk undervegs, snarare tvert imot. Det har fått eit breiare bruksområde gjennom dei siste om lag 200 åra og det har gått frå å vere eit bunde morfem til eit fritt morfem i nokre tilfelle. I *Degrammaticalization* (2009) tar Muriel Norde for seg eit omdiskutert grammatisk tema, avgrammatikalisering. Avgrammatikalisering må ikkje sjåast på som ei reversering av grammatikaliseringss prosessar, men som ei endring av allereie eksisterande grammatiske element til friare og meir meiningsberande element.

Norde omtalar ulike typar av avgrammatikalisering og ser først på *degrammation*:

«Degrammation is a composite change whereby a function word in a specific linguistic context is reanalysed as a member of a major word class, acquiring the morphosyntactic properties which are typical of that word class, and gaining in semantic substance.» (Norde, 2009: 135.) Vidare seier ho om *deinflectionalization* at «[d]einflectionalization is a composite change whereby an inflectional affix in a specific linguistic context gains a new function, while shifting to a less bound morpheme type» (ibid.: 152).

Det som er mest relevant for (-)ish i engelsk, er det Norde seier om debonding: «Debonding is a composite change whereby a bound morpheme in a specific linguistic context **becomes a free morpheme**» (ibid.: 186, mi utheting). Som eg var inne på i 1.2.1, jamfører Norde (ibid.: 224) kriterium for avgrammatikalisering med det Kuzmack har skrive om (-)ish:

- Det uavhengige *ish* er ikkje lenger berre eit modifiserande morfem, og uttrykket må skrivast om til ei setning dersom ein skal forklare semantikken det har.
- Kvalifiserings-*ish* har alltid trykk når det opptrer sjølvstendig.
- (-)ish treng ikkje kome rett etter ytringa det skal modifisere.
- (-)ish har blitt eit fritt morfem.
- (-)ish kan opptre i ulike delar av ytringa.

2.1.5 Leksikalisering og konvensjonalisering

Ord og ordformer kan stivne og gå gjennom språkhistoriske endringar. Då kan dei framstå som til dømes ei samansetjing eller avleiring med eitt eller to element som ikkje er attkjennelege for den gjengse språkbrukaren. Ein seier at uttrykket eller ordet har blitt leksikalisert. Grammatikalisering kan ha skjedd i denne prosessen, men ein kan ikkje sidestille grammatikalisering med leksikalisering. Laurel Brinton og Elizabeth Closs Traugott (2005: 68) viser til Wischer (2000: 364–65) som seier at i leksikalisering blir det lagt til ein spesifikk semantisk komponent, og at det i grammatikalisering blir tapt ein spesifikk semantisk komponent.

I engelsk har dei eldste danningane med suffikset (-)ish i stor grad blitt leksikaliserte. Sjølv om dei framleis er gjennomsiktige, ein kan identifisere dei to einingane i avleilinga, har innhaldet fått ei breiare mening; *sheepish*, til dømes, handlar ikkje berre om å minne om ein sau, men snarare at den omtala er litt dum. I norsk har vi til dømes nokre leksikaliserte dativ- og genitivformer. Utan kjennskap til kasussystemet vil ikkje ein språkbrukar kunne forklare forma *av garde* når han seier *Nei, eg får vel kome meg av garde*. Ein kjem seg dessutan *av garde* frå fleire stader enn ein gard.

Brinton og Traugott ser på konvensjonalisering som eit steg på vegen til leksikalisering.

When first used for a particular occation, an innovation is known as a NONCE WORD or NONCE FORMATION. A nonce formation is a new complex word coined on the spur of the moment or made up casually on the fly out of phrases [...] In contrast to a coinage, a nonce word is formed by applying regular word formation rules [...] A nonce word must be understood from its context.

(Brinton og Traugott, 2005: 45)

Ein del innlånte ord som har fått norsk uttale og/eller skrivemåte, eller som har vore i bruk så lenge at ein ikkje lenger tenkjer på ordet som framandt, har blitt utsette for konvensjonalisering. To aktuelle uttrykk for denne avhandlinga som *sirka* og *-aktig* har blitt lånte inn frå høvesvis latin og (låg)tysk. Når desse blir brukte i norsk, reagerer ikkje tilhøyrarane eller lesarane på same måte som denne personen irriterer seg over det nye lånet, (-)ish (innlegg på Språkteigen si Facebook-side 22. februar 2014⁸):

Isj, kva skal vi med -ish? For det første har vi den same avleininga på norsk frå før: -isk. For det andre er sj-lyd uvanleg til slutt i norske ord bortsett frå hysj og fysj og eit par til, og skrivemåten stirr mot rettskrivingsreglane. Den som kan mormålet [sic] blir ikkje fort i beit for gode uttrykksmåtar. Den som ikkje er blodfattig, treng ikkje blodoverføring. Feil blodtype kan dessutan vera til skade. Typ-ish jål, kan ein vel seie!

⁸ Eg hadde eit innslag i radioprogrammet på NRK P2 om (-)ish-bruk i norsk. Innlegget er ein respons på det.

2.1.6 Bøygde ord og frasar som basar i avleiingar

I moderne norsk finn ein normalt ikkje bøygde ord i samansetjingar og basar i avleiingar (jf. Faarlund et al., 1997: 58 i 2.1.2). Det finst unntak; proprium som allereie har bestemt form som del av namnet (*kollenbrøl*) og nokre samansetjingar der adjektiv er gradbøygde (*tungtvatn*) (Leira, 1994; Bondi Johannessen, 2001). I denne avhandlinga er det basar i avleiingar som er interessante, då ingen av dei innsamla døma ser ut til å ha *ish* som ord *etter* medkonstituenten, dvs. som etterledd i samansetjing; det er eit avleiingssuffiks. I nokre av døma som blir presenterte i den grammatiske analysen, er det ei bøyingsending innanfor (-)ish. Det kan vere at ein då bør rekne desse tilfella av (-)ish som ord.

Somme tider opptrer frasar som forledd i samansetjingar og som basar i avleiingar. I konvensjonaliserte samansetjingar og avleiingar av denne typen er forledda og basane gjerne leksikaliserte, dei eksisterer som meir eller mindre faste uttrykk før dei blir brukte i nydanningar av samansetjingar og avleiingar. Lars Andreas Kulbrandstad (2005: 195) seier om leksikaliserte frasar: «[N]oen ordsammenstillinger er så vanlige at de oppfattes som faste uttrykk i språket. Vi kan tenke oss at vi har dem klare på lager, slik at vi slipper å komponere dem på nytt hver gang vi har bruk for dem.» I materialet mitt finst det nokre få døme der basen i avleiinga er ein frase eller ei setning. Nokre av frasane ser ut til å vere meir eller mindre for «faste uttrykk» å rekne:

- 19: Jeg er vel sånn midt på-ish.
53: Å ikke ha et gjøremål blir betegnet som latskap. «Du har for god tid»-ish.
130: Havku i soloppgang-ish.⁹

Andre ser meir ut til å vere *ad hoc*-formasjonar:

- 100: Ettersøkt pedofil knyttes til døde barn -ish

Silje Edvardsen (2012) og Þorsteinn Indriðason (2012) har skrive om frasesamansetjingar i høvesvis norsk og islandsk. Dei knyter arbeida sine til sterk og svak leksikonhypotese. I materialet mitt er det heller få døme der frasar og setningar er basar. Difor kjem eg ikkje til å omtale dette meir enn at det ser ut til at desse formasjonane krev at frasen eller setninga må ha ein korrekt intern syntaks eller vere eit meir eller mindre fast uttrykk.

⁹ Analogi til «Elg i solnedgang».

2.1.7 Teorien om einsarta grunnord

Mark Aronoff legg fram ein teori om einsarta grunnord i avleiningar i *Word Formation in Generative Grammar: Unitary Base Hypothesis* (1976). Her argumenterer han for at avleiningssuffiks ikkje kan nyttast med fleire typar ordklassar som medkonstituent. «The base is always specified syntactically. So, for example, the rule which attaches the suffix *#ness* (*redness, porousness*) operates only on adjectives.» (Aronoff, 1976: 47) Han seier vidare at

the syntacticosemantic specification of the base, though it may be more or less complex, is always unique. A WFR [word-formation rule] will never operate on this or that. The seeming counter-examples [...] that I have found can be analyzed as separate rules whose operations happen to be homophonous [...] The unitary base hypothesis is a strong assumption and easily refuted. One must only show that a certain WFR operates on two distinct classes of bases.

(ibid.: 48)

I «Unitary Base Hypothesis og norsk avledingsmorphologi» diskuterer Hans-Olav Enger hypotesen i lys av norske avleiningssuffiks. Han undersøker ei rekke norske avleiningssuffiks og kjem til følgjande konklusjonar:

- 1) UBH er for sterkt [...] Suffiksene *-ete*, *-er* og *-eri* stemmer dårlig med UBH. De er produktive med baser fra flere distinkte ordklasser. At UBH er for sterkt, er ikke helt nytt, men det er nyttig å få underbygd ytterligere det vi trudde at vi visste med norske eksempler.
- 2) UBH kan være heuristisk nyttig [...] Heller ikke det er overraskende, men igjen kan det være nyttig å få underbygd det vi trudde at vi visste. [...]
- 3) Ei forholdsvis fersk forsvarslinje for UBH, antydet av Booij (2002), holder ikke. Faktisk er det ei klar svakhet ved UBH at den frister oss til å maksimere homonymi.

(Enger, 2008: 207)

I undersøkingane mine av *(-)ish* er det tydeleg at Enger sine konklusjonar stemmer betre enn Aronoff sin hypotese for det materialet eg har undersøkt. Å kalle dei variantane av *(-)ish* eg har funne, for homonyme, at dei blir uttala likt, men har ulik semantikk, ville vere høgst tvilsamt. *(-)ish* blir lagt til ei rekke ulike typar medkonstituentar, men innhaldsmessig er det *(-)ish* gjer i modifiseringane, nærskyldt. Dette skal vi sjå meir på i 2.2.2.

2.1.8 Produktivitet

Ein måte å måle utviklinga til eit suffiks på, er å sjå på kor produktivt det er. Som vi skal sjå i analysen, har *(-)ish* som suffiks veldig mange typar medkonstituentar, men svært få identiske uttrykk. Det er altså mange ordtypar, men kvar av desse har få eksemplar. Rochelle Lieber (2010) ser på nokre faktorar som spelar inn på produktiviteten: gjennomsiktigkeit, frekvens av basetypar og nydanningane sin nytteverdi.

Ord som er danna gjennom ein gjennomsiktig prosess, kan lett segmenterast slik at det er ein ein-til-ein-korrespondanse mellom form og innhald. Utalen av dei einskilde morfema held seg lik, og meininga til den avleia forma er nett den ein ville forvente. Dersom danningane blir leksikaliserte, er dei ikkje lenger gjennomsiktige. Gjennomsiktige ord er komposisjonelle, medan dei leksikaliserte blir ikkje-komponisjonelle.

Dersom eit affiks berre kan opptre med få typar av basar, avgrensar dette høvet til å skape mange nye ord. Dette avgrensar moglegheita for produktivitet.

Ein leksemformingsprosess er nyttig i den grad språkbrukarar treng eit spesielt ord. Det vil alltid vere nyttig å ha høve til å forme substantiv som tyder ‘tilstanden å vere X’ av eit adjektiv, medan det er av mindre nytte å forme kvinnelege variantar av yrkestitlar (*lærar* – *lærarinne*) etter at ein fekk meir fokus på kjønnsnøytralitet (Lieber, 2010: 62–3).

Det er andre også avgrensingar knytte til produktivitet. Lieber nemner vidare følgjande døme:

Nesten alle affiks er avgrensa til å kunne opptre med basar av spesifikke kategoriar (jf. *Unitary Base Hypothesis*). Somme affiks kan berre opptre med basar som har spesielle fonologiske mønster. Det semantiske som er representert i basen kan også leggje restriksjonar på kva for affiks som kan leggjast til (*ulukkeleg* vs. **usur*). I nokre tilfelle har det etymologiske opphavet til basen også noko å seie for kva for affiks som kan leggjast til. Vidare finst det syntaktiske restriksjonar som kan hindre nydanningar med spesielle affiks (til dømes ved transitive verb). Til sist nemner Lieber at det kan vere pragmatiske føresetnader som hindrar nydanningar (Lieber, 2010: 64).

Eit anna trekk som kan hindre nydanningar, er at det allereie finst eksisterande avleidde ord; blokkering. I *nomen agentis*-avleiringar av verb til dømes, legg ein gjerne til *-ar*: *Lære+ar* blir *lærar* til dømes, medan **syklar* er blokkert av *syklist*. Som vi skal sjå i kapittel 5, finst det ein heil del konvensjonelle bruksmåtar i norsk som ikkje ser ut til å blokkere at (-)ish lagar «dei same» nydanningane.

Kriterium for produktivitet er relevante i studiet av eit nytt, i hovudsak grammatisk, element som har kome inn i språket. Eg kjem til å jamføre funna mine med desse kriteria i kapittel 4.

2.2 Semantikk

Den semantiske analysen i kapittel 5 er mindre omfangsrik enn den grammatiske. Siktemålet der er å finne overordna tydingar for (-)ish i norsk. Under vil eg presentere nokre omgrep og kriterium som er relevante for ein slik analyse.

2.2.1 Kontekst

I ein del av dei innsamla døma må eg ty til den omliggande teksten for å forstå fullt ut meininga skrivarane ynskjer å uttrykke med (-)ish. I tillegg er det somme tider også naudsynt for å forstå grammatiske trekk ved dømet. Jan Svennevig (2010) skriv i *Språklig samhandling* at konteksten blir skapt i fellesskap av deltakarane. Sjølv om sendaren går ut ifrå at konteksten er etablert, er det ikkje sikkert at mottakaren har oppfatta dette (Svennevig, 2010: 154).

Når ein berre undersøkjer skriven tekst, kan ein ikkje sjå korleis skrivaren sitt andletsuttrykk ser ut, og ein kan heller ikkje oppfatte eventuelle handrørsler og liknande ytringa blir presentert med. Difor må ein sjå på større delar av teksten for å finne ut kva «tonen» er. Vidare er det gjerne slik at eitt enkelt ord, eller ei tvitydig setning, ikkje kan forståast berre i seg sjølv. Ein må sjå på større delar av teksten for å forstå innhaldet i den eininga ein skal undersøke.

113: SELER - en guide – ish

I denne overskrifta trudde eg først at det var snakk om dyret sel, og det var først etter at eg hadde lese resten av teksten at eg forstod at det var snakk om seletøy til hund. I fleire av døma som er undersøkte, har resten av teksten vore til hjelp for å finne ut mellom anna om ein skulle sjå på (-)ish-uttrykket som adjektivisk eller nominalt.

2.2.2 Polysemi, heterosemi, homonymi

(-)ish har fleire nærskyldte tydingar. Innanfor nydanningar av ein ordklasse kan vi snakke om polysemi. Når suffikset i nydanningane festar seg til ord av ulike ordklassar, men likevel må seiast å vere semantisk i slekt, kan ein snakke om heterosemi: “two or more meanings or functions that are historically related [...] are borne by reflexes of the common source element that belong in different morphosyntactic categories” (Lichtenberk 1991: 476). Dersom ord og suffiks har lik uttale og/eller skrivemåte (homografi), men ikkje viser slektskap i innhaldet, snakkar vi om homonymi.

While both polysemy and homonymy give rise to lexical ambiguity (two or more meanings associated with a word), the nature of the ambiguity is different in each case. Polysemy is the phenomenon whereby a lexical item is commonly associated with two or more meanings that appear to be related in some way.

(Evans og Green, 2006: 329)

Som vi skal sjå i kapittel 5, kan eg sjå nyanseforskjellar i *(-)ish* brukt til *ein* type ordklasse. Vidare er det tydeleg at sjølv om *(-)ish* blir brukt i ord og frasar av ulike grammatiske kategoriar, er dei ulike variantane framleis i slekt.

2.3 Kontaktlingvistikk

(-)ish er eit grammatisk element som er lånt inn i norsk. I den semantiske analysen (kapittel 5) vil eg i nokon grad jamføre den norske bruken med den engelske. I dette underkapittelet ser vi noko på korleis lån generelt kan oppføre seg etter det lånte elementet har blitt tatt i bruk.

2.3.1 Grammatisk lån

Bernd Heine og Tania Kuteva skriv i *Language Contact and Grammatical Change* (2005: 7) om korleis lånte element kan bli brukte i mottakarspråket.

Speakers create a new use pattern or category in language R on the model of another language (M), where the outcome of the process is not an exact copy of what exists in M but rather a new structure is shaped, first, by what is available in R, second, by universal constraints on conceptualization, third, by what speakers of R conceive as being pragmatically most appropriate in the situation in which language contact takes place, and, fourth, by the length and intensity of contact and – accordingly – by the relative degree to which replication is grammaticalized.

Eit bruksmønster frå eitt språk, kan nyttast i eit anna. Ein kan behalde den opprinnelige bruksmåten, men i nokre tilfelle blir bruksmåten endra og utvida. Det lånte elementet kan fylle hol i mottakarspråket, eller overlappe konvensjonelle bruksmåtar. Det Heine og Kuteva peikar på her, overlappar i nokon grad med det vi skal sjå på om pragmatisk lån under. Noko som er viktig, som eg kjem nærmere inn på i kapittel 5, er at variantar av *(-)ish* kan fylle eit funksjonelt hol i norsk.

2.3.2 Pragmatisk lån

Når vi lånar inn element frå andre språk, er det ikkje nødvendigvis eit ord det er tale om. Vi kan også lånne inn ein måte å konstruere setningar på eller idiomatiske uttrykksmåtar. Sjølv om ein ord for ord kan omsetje desse måtane å uttrykke seg på, vil dei framleis, av somme, bli oppfatta som lånte. Gisle Andersen diskuterer pragmatisk lån i artikkelen «Pragmatic borrowing» (2014). Han undersøker nokre uttrykksmåtar i engelsk som vi har tatt i bruk i norsk, mellom anna ytringar som inneheld ulike ordformer av *fuck*. Desse blir brukte både med den opphavelege skrivemåten sin, men også i uttrykk med fornorska skrivemåte, *føkk*.

Han viser at nokre av dei konstruksjonane som inneheld *fuck* og ord der *fuck* er kjerne, kan bli lånte inn (og somme tider bli fornorska) i sin heilskap, men at det også blir konstruert pseudo-engelske variantar i norsk som *føkkings* og *føkk heller*. Han viser med dette at det kan oppstå variantar *post hoc* i norsk (Andersen, 2014: 24–8).

Vi har fått (-)ish frå engelsk med ein del ferdige bruksmåtar. I kapittel 5 kommenterer eg at det finst døme der framandt ord + (-)ish kan vere ei ferdig form som er lånt inn frå engelsk, at det ikkje er ei nydanning i norsk. Det som ser ut til å vere ei nydanning i norsk, er at substantiv + (-)ish kan bli eit nytt substantiv. Det verkar rimeleg å sjå på dette som ei form for pseudo-engelsk – at ein lagar nye ord som verkar engelske, men som ikkje hadde vore grammatisk korrekte i kjeldespråket.

3 Metode

I denne avhandlinga skal eg finne ut korleis det innlånte ordet/suffikset *(-)ish* oppfører seg grammatisk og semantisk i norsk. Eg ynskjer å få kunnskap om kva for typar medkonstituentar som tillèt at uttrykket knyter seg til dei, kva for tydingar uttrykket har, og kva for tydingar og funksjonar dei samansette, nye uttrykka får. Vidare vil konteksten uttrykket opptrer i, ha relevans for tolkinga(ne) av *(-)ish*. Difor er det òg viktig å få med så mykje som mogleg av setningane og heilskapane ein finn uttrykket i. Der uttrykket opptrer med lite kontekst, kan det vere naudsynt å leggje fram ulike tolkingar.

3.1 Val av søkerområde

Eg har valt å berre sjå på skriven tekst, men i høg grad uformell tekst som har eit munnleg preg. Konteksten er ofte lett tilgjengeleg når ein ser på tekstmateriale, og ein kan som regel raskt gjere tolkingsframlegga. Døma som blir handsama, er funne på Internett via Google og i Mediarkivet og Norsk Aviskorpus. På Internett (bloggar, webforum og liknande) finst det eit utsal av kjelder. Oppfatninga mi er at uttrykket er rekna for å vere munnleg, og at det ikkje er å finne i formelle tekstar. Dei som skriv bloggar og på webforum, nyttar gjerne ein svært munnleg stil når dei skriv, og ikkje sjeldan ser ein at det vert skrive på dialekt, kanskje spesielt i webforum, som eg reknar for å vere den minst formelle delen av kjeldematerialet mitt.

I dei fleste tilfella reflekterte skrivarane truleg ikkje over bruken av *(-)ish* då dei skreiv uttrykka, og har mest sannsynleg brukt uttrykket på same måten som dei ville ha gjort i tale, altså spontant. Ved å søkje på internett og i tekstkorpus ser ein kva for sjanger uttrykket er å finne i. Når ein oppdagar at uttrykket blir funne i uformelle tekstar og på uformelle nettsider, kan ein også seie noko om kor godtekken del av språket uttrykket er. Når eit uttrykk som dette har funne vegen til det skrivne språket, kan ein også gjere seg tankar om i kva grad uttrykket har etablert seg, sjølv om formaliteten til tekstane ikkje er stor. Ein får også eit innblikk i kor morfosyntaktisk «integrert» uttrykket er, ved å sjå på ortografiene. Dersom skrivaren til dømes har valt å markere eit skilje mellom medkonstituent og *(-)ish*, kan ein tolke uttrykket som noko som framleis er framandt, og ikkje ein «fullverdig» del av det norske språket.

Eg vurderte å samle inn talemateriale og/eller undersøkje tilgjengelege taledatabasear. Ved tilgang på talemateriale får ein eit viktig innsyn i spontaniteten til bruken og korleis uttalen er. Kanskje legg ein trykket ulikt avhengig av medkonstituent, eller tar ein pause før uttrykket kjem. Tanken var då å oppsøkje ulike miljø og gjere opptak. Vidare rekna eg med at bruk av

uttrykket ville dukke opp i ulike talekorpus. Eit søk i Talebanken, UiB,¹⁰ gav litt overraskande ikkje meir enn to treff. Eg trekte då den slutninga at intervjustusjonar er noko formelle, og at (-)ish-bruk truleg er opplevd som uformell. Vidare har ein ingen garanti for at døme på bruken dukkar opp i forsøk på uformelle intervjustusjonar. Derfor valde eg å halde meg til berre skrive materiale.

3.2 Korleis søker

Når ein søker på internett og i tekstarkiv, må ein vere medviten når det gjeld korleis søker blir oppfatta av dei ulike søkjemotorane. På google.no kan ein ikkje velje å søker i delar av ord, så der vil ein berre få dei treffa Google oppfattar som eigne ord. Då møter ein berre dei tilfella av (-)ish som er grafisk skilde frå medkonstituenten med mellomrom eller andre skiljeteikn, altså ikkje dei som er samanskrevne med medkonstituenten. Ein kan diverre ikkje få eit heilskapleg bilet av bruken ved berre å nytte google.no. I Mediearkivet får ein, på same måten som på google.no, opp dei treffa der (-)ish blir tolka som eit eige ord, skilt frå medkonstituenten.

Berre i Norsk Aviskorpus, av dei kjeldene eg har brukt, kan ein velje å søker på delar av ordet, og det er den einaste staden eg har funne døme på (-)ish samanskrive med medkonstituenten. Ut ifrå dette kan eg anta at det finst mange fleire døme på denne bruken tilgjengeleg på internett og i desse og andre tekstkorpus, men at desse vil vere vanskeleg tilgjengelege for meg. Det vil seie at materialet mitt kanskje er avgrensa, men ein kan tenkje seg at typane av medkonstituentar vil vere dei same samanskrevne eller fråskilde, sjølv om ein ikkje kan seie dette sikkert.

3.2.1 Søk på Internett med Google

Etter å ha søkt litt med Google på Internett, oppdaga eg at det var grunnlag for å lage eit materiale ut ifrå det eg fann der. Den 24. april 2014 la eg inn eit avansert søk på Google, jf. illustrasjon 3.1. Kriteria var norske nettsider med norsk tekst. Eg sökte på *ish*. Eg valde å utelukke ordet *ishockey*, då testsøket gav mange resultat med dette ordet.

Dette søkeret let eg stå ope, og eg brukte nokre veker på å kome gjennom det. Nokre av treffane mine er daterte seinare enn 24. april; dette er fordi søkeret har oppdatert seg undervegs medan eg bladde gjennom alle treffane.

¹⁰ <http://folk.uib.no/hnohs/Talebanken.html>

Finn sider ...

med alle disse ordene:	<input type="text" value="ish"/>
med nøyaktig dette ordet eller uttrykket:	<input type="text"/>
med noen av disse ordene:	<input type="text"/>
uten noen av disse ordene:	<input type="text" value="ishockey"/>
med tall fra:	<input type="text"/> til <input type="text"/>

Deretter kan du avgrense resultatene dine etter ...

språk:	<input type="text" value="norsk"/>
område:	<input type="text" value="Noreg"/>
siste oppdatering:	<input type="text" value="når som helst"/>
nettsted eller domene:	<input type="text"/>
ord som vises:	<input type="text" value="hvor som helst på siden"/>

Illustrasjon 3.1. Google avansert søk¹¹

The screenshot shows a search results page for the query "ish". At the top, there's a search bar with "Jeg trenger et nytt slagord" and a dropdown menu showing "SONJAS ORDENTLIGE BLOGG". Below the search bar are navigation links: "Hjem", "Lenkeliste", "Ordentlig Film", and "Sonja – Dadam!". The main content area features a post titled "Eit eventyr (på nynorsk-ish)". The post text discusses a troll named Ivar-Ivar Aasen who had a meeting with a knight. To the right of the post is a sidebar with "SONJATUS:" containing links like "Fascination Street", "FUS!", etc., and "ANDRE ORDENTLIGE BLOGGER JEG LESER:" with links to other bloggers. At the bottom, there's a section titled "DET DE ANDRE HAR SAGT" with links to various blog posts from other users.

Illustrasjon 3.2. Døme på utklipp fra Google-søket¹²

Kvart av dei relevante treffene blei bokmerkt i nettlesaren min, og registrert med søkeordet i kontekst, nettadresse og eit ID-nummer i eit rekneark. I tillegg tok eg bilete av kvart døme i

¹¹ https://www.google.ca/advanced_search

¹² <https://ordentlig.wordpress.com/2009/10/05/eit-eventyr-pa-nynorsk-ish/>

fall nettsida der eg fann dømet, skulle forsvinne eller bli endra. Eg nytta utklippsverktyet på PC-en til dette, og bileta fekk namn som svara til døma eg registrerte i reknearket mitt, sjå illustrasjon 3.2. Desse bileta er også meinte å gje eit inntrykk av skrivaren og konteksten uttrykket opptrer i. Nokre av døma fekk fleire biletar, og somme tider var det fleire døme på eitt bilet.

3.2.1.1 Utsortering av «støy»

Det var sjølv sagt mange treff som tydeleg ikkje var relevante. Til dømes kom det opp ein del treff på *Ish club* i Oslo, der relevansen i beste fall kan seiast å vere på metanivå. Med dette meiner eg at *Ish Club* kanskje har tenkt på dette nye språkelementet og tatt det inn i namnet sitt for å syne at dei er nye og hippe. Eg fekk fleire treff på *ISH*, som ser ut til å vere ein type fond eller aksje som ein kan investere i. Vidare var det ein del utanlandske stadnamn som slutta på ‘*ish*’, der eg fekk opp værvarsle. Alle desse blei sorterte vekk med ein gong og blei ikkje tekne med i materialet mitt. Det same galtdt sitat frå engelsk i norske tekstar. Alle døma eg fann med norsk medkonstituent vart tekne med, men også ein del med utanlandsk, framfor alt engelsk, medkonstituent, der teksten rundt var på norsk.

3.2.2 Aviskorpuset

Eg brukte også Norsk Aviskorpus for å sjå om der fanst døme på bruken i meir formelle forum. Her var det fleire bolkar frå fleire år tilbake å søkje i. Alle desse vart tekne med i søket, og periodane samla strekte seg frå 13.10.98 til dagen eg la inn søket, 17.10.14. Eg søkte på *ish* i slutten av ord, men oppdaga veldig raskt at det var svært mange treff. Diverre var desse treffa hovudsakleg ikkje-relevante. Eg fann ut at det ville ta svært lang tid å gå gjennom alle døma, så eg kontakta Knut Hofland, fagkonsulent ved *Uni Research Computing* og *Computational Language Unit*. Han hjelpte meg med å lage ein søkjestrang som eg kunne nytte i heile korpuset i staden for å søkje bokvis. Med denne strengen hadde han fjerna orda *polish, finish, fish, fetish* og ord på stor førebokstav (typisk engelske språknamn).

```
[word="[a-zæøå].*ish" & word!=".*finish" & word!=".*fish" & word!=".*polish" & word!=".*fetish"]
```

Dette førte til at eg fekk mykje færre treff. Med eit likevel nokså stort utval (om lag 1700 treff), enda eg opp med ti relevante døme på bruken. Desse blei registrerte i eit rekneark. Dei

fekk behalde ID-markøren frå Aviskorpuset som kjelde. Denne sa kva avis det kom frå, og datoén det var trykt. Eg la inn KWIC,¹³ og dømet fekk også ein eigen ID-markør.

3.2.3 Atekst, Mediearkivet

Her la eg inn eit sok 17. oktober 2014. Søkeordet var *ish* i eit vanleg sok, då avansert sok ikkje gav meg relevant hjelpe til avgrensing. Då fekk eg opp treffa kronologisk med dei nyaste først. Alle treffa hadde førehandsvising av teksten der (-)ish fanst, og difor var det lett å plukke ut dei som var relevante for meg. Eg kunne hake av på dei eg var interessert i, og så til slutt laste ned ei pdf-fil som inneholdt faksimilar av alle dei treffa eg ville ha. Her hadde eg all den konteksten eg trond i eitt dokument, og det var ryddig å sjå gjennom og registrere i eit eige rekneark. Her blei avisnamn, dato og dømet i kontekst lagra, og døma fekk eigne ID-markørar.

3.2.4 Avsluttande rydding i materialet

Då alle døma hadde fått kvar sine ID-markørar, blei alle samla i eitt stort rekneark¹⁴ der berre dømet med språkleg kontekst og ID-markøren var med. Her valde eg å fjerne dei døma eg fann i tekstar eg kategoriserte som metatekst, altså dei tekstane som tok føre seg nye språklege fenomen, eller som spurde kva (-)ish var, og meir kåserande tekstar der eg oppfatta bruken som bevisst peikande mot eit nytt språkleg fenomen utan å nemne det spesifikt (A19: *Eller fordi det ikke fantes tidspunkt som heter «sånn 19-ish».*). Vidare fjerna eg dublettar av døma der det same dømet hadde dukka opp fleire gonger (same tekst, ulike publikasjonar). Eg stod då att med 240 døme.

Etter at eg hadde gått gjennom alle kategoriene vi skal sjå på nedanfor, fann eg ut at nokre av døma måtte forkastast fordi det mangla kontekst og difor ikkje var mogleg å avgjere om treffet var relevant. Eitt av dei eg først valde å ta med, men som eg ikkje har analysert vidare, var umogleg å forstå og kanskje ikkje relevant for meg i det heile: 172: *Noern\\'ish*.

3.3 Kategorisering av døma

Reknarket fekk fleire kolonnar for kategoriar som skulle med i analysearbeidet. Kvar av desse kolonnane fekk eit filter eg kunne bruke til å sortere kvar kategori alfabetisk eller etter storleik, slik at reknearket blei lettare å navigere i. Filteret gjorde det også lettare å samle dei døma som var markerte med den same kategorien. Under presenterer eg korleis to døme ser ut

¹³ Keyword in context

¹⁴ I 3.3 har eg presentert korleis to døme ser ut i dette reknearket.

i dette reknearket; rader og kolonner er ombytte av plassomsyn. Nedanfor går eg gjennom kategoriseringane etter tur og gir døme.

Intern ID	63	76
Ekstern ID	A68	A81
KWIC	- Det blir livlig og fresht, og veldig Broadway-ish.	- Eg tenkte kanskje du kunne klippe meg litt meir bob... ish? føreslo eg.
Ish-ord/-utrykk	Broadway-ish	bob... ish
Etter eller før medkonstituent?	etter	etter
Ortografisk	bindestrek	tre punktum mellomrom
Medkonstituent	Broadway	bob
Type medkonstituent	proprium	substantiv
Modifiserar	veldig	litt meir
Mod-type	grad	grad
Overkonstruksjon	Det blir [...] veldig Broadway-ish	du kunne klippe meg litt meir bob... ish
Overkonstruksjon2	setning	setning
Ish-utrykk -funksjon	subjektspredikativ	objektspredikativ
Ordklasse el.liknannde, ish-utrykket	adjektiv	adjektiv
Merknadar		
Utanlandsk		
Varemerke		
Mogleg omskriving	aktig	aktig
Ord eller suffiks	suffiks	suffiks
Trykk eller ikkje	ikkje	ikkje
Klitikon?		
Verdt å kommentere		
Kategori		
Kan fjernast?	nei	nei

Illustrasjon 3.3. Døme frå kategoriseringsskjemaet

3.3.1 Trefford i kontekst

Nokre av døma her kan ha berre eitt ord, medan andre inneheld lengre setningar, somme tider også element utanom det som står mellom to punktum. Det som kjem utanom heilsetningane kan vere tilleggselement som må med for at ein skal forstå (-)ish-bruken. Svært ofte er uttrykket (-)ish knytt til berre eitt ord eller ein frase. Dette kjem av at svært mange av døma mine er henta frå ei overskrift som ikkje er grammatisk knytt til resten av teksten. Her følgjer eit døme på korleis trefford i kontekst kan sjå ut:

- 1: Dritintenst, personlig, lavmælt og indie-ish drama om ei berte som blir fanget inn i en ekkel, religiøs sekt langt ute på landsbygda.

3.3.2 Ish-ord/uttrykk

Her har eg isolert den eininga (-)ish dannar saman med ein medkonstituent. Dette er som oftast eitt ord, men det kan også vere frasar, eller eit ord som høyrer til tidlegare eller seinare i setninga. Døme:

2: *akustisk(ish)e* isolert frå [...] spiller *akustisk(ish)e julesanger* [...].

3.3.3 Etter eller før medkonstituent?

Ved å lage denne kategorien, får eg eit inntrykk av i kva grad ein kan rekne uttrykket som suffiks eller ord. *Etter* er den desidert største kategorien, medan nokre få har *før*. Eitt døme har fått kategorien *korkje-eller*. Her er kanskje det einaste sikre dømet på at *ish* blir brukt som eit eige ord. Sidan eg ikkje kunne søkje i delar av ord anna enn i Aviskorpuset, har eg, som nemnt, truleg gått glipp av ein del døme på bruk av (-)ish før medkonstituenten.

Etter: 9: Tenk dyp, deilig blues med fantastisk folk-ish vokal på toppen, akkompagnert av kontrabass og trampeklapp.

Før: 27: Ha «ish-tid»

Korkje-eller: 45: -Jeg er veldig «ish» på tiden.

3.3.4 Ortografisk

Her er det lagt inn kva for skiljeteikn som er brukt for å føye (-)ish til medkonstituenten. Bindestrek er den klart største kategorien. Apostrof er òg mykje brukt. I tillegg er det ein del parentesar og mellomrom. Nokre få er samanskrivne med medkonstituenten. I denne kategorien kan eg danne meg eit inntrykk av kor etablert uttrykket er i norsk, men her vil fordelinga bli skeiv. Dette er eit resultat av at eg ikkje kan søkje i delar av ord med Google og i Mediarkivet. Dei treffa eg fekk med samanskriving i *Aviskorpuset*, var fem av ti. I dette materialet var det to heilt identiske treff, og to ganske identiske treff. Eg kan ikkje gå ut ifrå at fordelinga ville ha vore lik om eg fekk opp alle dei samanskrivne treffa også med Google og i Mediarkivet, men det er grunn til å tru at det ligg eit nokså stort materiale som ikkje kan bli analysert i denne avhandlinga på grunn av dette. Her følgjer døme på ulike skrivemåtar:

Bindestrek: 231: Deilige boller som kan gjøres litt sunne-ish

Mellomrom: 92: P85 rød MC legges ut til "gammel ish " pris på finn idag. fri omreg og 2800 km

Apostrof: 230: Journalist'ish-gründer søker til nytt prosjekt

Mellomrom og parentes: 226: Folk i Tynset (ish) området?

- Samanskiven parentes: 158: Buorm, Fredrikstad(ish)
- Fleire punktum: 115: Jambalaya ...ish
- Punktum: 110: Moderne Frida. Ish.
- Samanskriwing: 15: Alle snakker flytende manusforfatterish, med usannsynlig velplasserte punchlines og fasader som slår godt timede sprekker.
- Avstand (til *strikker*): 139: DIY: Skappelgenseren – åja, vi strikker også..ish!
- Skråstrek: 233: horn med marsipan/ish inni

3.3.5 Medkonstituent

Innhaldet her er det/dei orda som opptrer saman med *(-)ish*. Her må ein analysere i kva grad *(-)ish* opptrer saman med eitt eller fleire ord. Kanskje er medkonstituenten ein heil frase, eller kanskje berre det ordet uttrykket heng saman med. Ein må gjerne trekkje inn større delar av teksten uttrykket står i, for å avgjere kva som er medkonstituenten.

Frase: 21: *halv-Robyn-møter-Briskeby* skilt frå *halv-Robyn-møter-Briskeby-ish*

Ord: 22: *interiørblad* skilt frå *interiørblad-ish*

3.3.6 Type medkonstituent

Her legg eg inn kva for ordklasse eller frasetype eg meiner medkonstituenten høyrer til. Her er proprium, substantiv, adjektiv og kvantorar dei største kategoriane. I tillegg kjem klokkeslett, dato, setningar, substantivfrasar, preposisjonsfrasar, verb og kategorien ?.

Proprium: 121: Fredagsbrus 149: Vegard Lund'ish

Substantiv: 230: Journalist'ish-gründer søkes til nytt prosjekt

Adjektiv: 3: I dette nye heimelivet er det mangt ei raudgrøn-*ish* dame som meg burde setje pris på, ikkje minst fordi det er ein trend som kan få fleire til å bu på bygda.

Kvantor: 194: Av 250-*ish* deltakere var 50-*ish* av dem kvinner.

Klokkeslett: 69: Vi lå i senga til ti-*ish*. En helt nydelig morgen.

Dato: 152: Kongsvinger og sørover (Sandefjord) 15. mars(*ish*)??

Setning: 53: «Du har for god tid»-*ish*.

Preposisjonsfrase: 19: Jeg er vel sånn midt på-*ish*.

Substantivfrase: 130: Havku i soloppgang-*ish*.

Verb: 139: DIY: Skappelgenseren – åja, vi strikker også..ish!

? 155: Men jeg har en sort of-ish spiseforstyrrelse eller hva jeg skal si.

3.3.7 Modifiserar og type modifiserar

Her har eg lagt inn det ordet som eventuelt modifiserer (-)ish-uttrykket, og kva slags type det er snakk om. Ord av ulike ordklassar tar ulike slags tillegg, så denne kategorien er med på å avklare ordklassen til (-)ish-uttrykket. I døma nedanfor gjeld det *litt*, *fantastisk* og *flytende*.

- 13: ikke minst Pretend To Dance, som litt «Abba'ish» kanskje er platens beste låt.
- 9: Tenk dyp, deilig blues med fantastisk folk-ish vokal på toppen, akkompagnert av kontrabass og trameklapp.
- 15: Alle snakker flytende manusforfatterish, med usannsynlig velplasserte punchlines og fasader som slår godt timede sprekker.

Grad er den største kategorien, men nokre har fått *måte/grad* (der modifiseraren kan uttrykkje at noko er blitt gjort på denne måten, eller det kan tolkast som til dømes ‘svært’) og andre har fått *sånn*. *Sånn* refererer til *sånn* og *litt slik*, som er ord som ofte blir brukt til (-)ish-uttrykk.

Ein heil del av uttrykka har ikkje modifiserar, og desse blei markerte med *0*.

I 13 er *litt* modifiserar og typen er *grad*. I 9 er *fantastisk* modifiserar og typen her er *måte/grad* sidan det kan vere *folk-ish* ‘på ein fantastisk måte’, eller det kan tolkast som om det er ein ‘svært bra’ *folk-ish vokal*. I 15 er *manusforfatterish* eit substantiv, så *flytende* er tolka som attributt.

3.3.8 Overkonstruksjon og type overkonstruksjon

Den niande kolonnen presenterer sjølve setninga eller setningsleddet som er overkonstruksjonen (-)ish og medkonstituent er del av, medan den tiande fortel om det er tale om setning eller frase. Somme av døma har ingen overkonstruksjon, og får markøren *0*.

Døme i kontekst:

- 39: - Vi er veldig spente før konkurransen, sier Hønefossbandet som har lagt hjerte og sjel i sjangeren country-ish, skal vi forstå dem riktig.

Overkonstruksjonen her er *sjangeren country-ish*, og typen overkonstruksjon er *nominal*.

3.3.9 Ish-uttrykk-funksjon

Denne kolonnen inneholder ei klassifisering av den grammatiske funksjonen uttrykket har i setninga eller i frasen. Funksjon og overkonstruksjon er viktige kategoriar for det vidare analysearbeidet, og for forståinga av uttrykka, sidan ord av ulike klassar har ulike funksjonar i større konstruksjonar.

- 17: historien er OK-ish og selve spillmekanismene er minst ti ganger bedre implementert enn hva de var i det første spillet i serien eller i «Aralon»
- 164: så begynner hu 40-ish dama som nettop gav deg litt vann å se ganske så fresh ut
- 174: skummadrass 1200*2000*30 ish. tjukkas/gymmaddras til unge rekruktene i Grenland

I døme 17 er overkonstruksjonen *historien er OK-ish*, som er ei setning der *OK-ish* er eit subjektspredikativ. I døme 164 er overkonstruksjonen *hu 40-ish dama*, som er eit nominal der *40-ish* er attributt. I døme 174 er overkonstruksjonen *skummadrass 1200*2000*30 ish*, som også er eit nominal, der eg har valt å kalle *1200*2000*30 ish* eit postattributt.

3.3.10 Ordklasser el. liknande, ish-uttrykket

Her klassifiserer eg uttrykka i ordklassar. Flest døme er adjektiv, så kjem substantiv. Mange har også fått kategorien *Adjektiv/substantiv*. Desse har så lite kontekst at det ikkje kan seiast sikkert om det er det eine eller andre. Nokre av døma har fått kategoriene *Dato* og *Klokkeslett*, som ikkje kan kallast ordklassar, men oftast er adverbiale. Vidare har vi ein god del kvantorar, eitt adverb og nokre som har fått kategorien ?, der det ikkje er godt å seie korleis ein skal velje å klassifisere døma. I 17 ovanfor er ordklassen adjektiv, 164 og 174 har kvantorar.

3.3.11 Fleire kategoriar

Mot slutten av den første runden av registreringa laga eg ein kolonne for merknader. Her la eg inn tolkingsforslag, kommentarar om ulike teoriar som kunne spele inn, og grammatiske kommentarar, som *Manglar kopula*. I tillegg laga eg ein kolonne som angav kjeldespråket der medkonstituenten ikkje var norsk; her var det hovudsakleg engelsk, men eitt døme frå fransk. Eg hadde også ein kolonne der eg sette eit kryss dersom medkonstituenten kunne seiast å vere eit merkevarenamn.

I arbeidet med analysering blei det naudsynt å leggje til nokre fleire kategoriar undervegs. Med tanke på den semantiske analysen la eg inn ein kolonne som heitte *Mogleg omskriving*. Her la eg inn alternativ til korleis (-)ish kunne skrivast om til konvensjonell norsk.

Sidan eitt av spørsmåla eg vil forsøke å finne svar på, er om (-)ish er eit ord eller eit suffiks, la eg inn ein kolonne som heitte *Ord eller suffiks*. Denne kolonnen blei supplert med ein som heiter *Trykk eller ikkje*. Dette var fordi det ikkje var heilt greitt å seie noko om kva type morfem det var, før eg hadde gjort ei vurdering av trykklassering.

I spørsmålet om (-)ish er eit ord eller eit suffiks, må ein også tenkje på dei grammatiske elementa som ikkje let seg plassere heilt korkje i den eine eller andre kategorien. Difor har eg lagt inn ein kolonne der eg har merkt av for om det eventuelt kan sjåast på som eit klitikon.

Ein ny kolonne blei lagt inn der eg sette inn eit kryss dersom eg såg på dømet som verdt å kommentere meir enn den grammatiske funksjonen dømet hadde. Denne kolonnen fekk ein «medkolonne» der eg noterte kva som var verdt å kommentere, til dømes *språknamm* eller *bøyning*.

Til sist la eg inn ein kolonne der eg skreiv *ja* eller *nei* på om (-)ish kunne fjernast frå dømet og det som stod att framleis kunne gi mening.

3.4 Korleis analysere grammatisk

I den grammatiske analysen har eg ikkje jamfört med annan litteratur sidan eg ikkje har funne ein omfattande grammatiske analyse av (-)ish brukta i engelsk. Men nokre kriterium for å skilje mellom bundne og frie morfem og kriterium for produktivitet har blitt trekte inn etter hovudanalysen.

Når ein skal gå gjennom ei mengd døme, må ein finne ei overordna klassifisering å gå ut ifrå, for deretter å sortere i underkategoriar. Eg har valt å dele inn i to overordna kategoriar: trykk og ikkje trykk på (-)ish. Dei som heilt tydeleg må ha trykk i uttalen, har eg klassifisert som ord. Dette er eit materiale basert berre på døme funne i skriftleg tekst, men som eg har vore inne på tidlegare, tekst eg i hovudsak ser på som munnleg prega. Eg har vore nøydd til å gjere vurderingane mine basert på eiga erfaring med (-)ish i talt språk. Sjølv om eg som morsmålsbrukar har ei god oppfatning av medspråkbrukane mine sine uttalemönster, kan eg ikkje i alle døma seie at det er heilt sikkert at den som har skrive teksten eg har funne dømet i, ville ha plassert trykket på same måten eg gjer.

I dei døma der (-)ish er plassert som forledd i ei samansetjing, kan ein vere rimeleg trygg på at (-)ish er for eit ord å rekne. Dette er på grunn av at samansetjingar er bygde opp av to ord, og det første får hovudtrykket, medan det andre, hovudmeiningsberande ordet får bitrykk. Det same gjeld dei døma der (-)ish er plassert på ein måte som gjer at det er tydeleg at det viser til

ein ord lenger tilbake i setninga, eller i ei setning som er avslutta med eit punktum. Ein må likevel vere merksam på at mykje av teksten ikkje held seg til standard rettskriving korkje når det gjeld teiknsetjing, ortografi eller sær- og samanskriwing. I sok på Internett knytt til suffikset *-aktig* bruk i norsk ser eg at ein god del skriv dette fråskilt medkonstituenten, anten ved bindestrek eller ved mellomrom:

1. Sophie Elise: - Jeg vil ikke ha noe porno-aktig hvor jeg bare shaker ass¹⁵
2. jeg har en "klump-aktig" ting¹⁶
3. Disneyland aktig¹⁷

Dette er ein problematikk ein kjenner att frå samansetjingar, som mange vel å skrive i to ord heller enn i eitt, sjølv om dei ville ha uttala det på ein måte som tilseier at orda skulle ha vore samanskrivne. Dette har eg vore nøydd til å tenkje på i analysen. Dersom norske morsmålsbrukarar reknar det konvensjonelle *-aktig* for å vere eit slags ord, kan det vere at dei ser på *(-)ish* som eitt også, sjølv om *(-)ish* i materialet mitt hovudsakleg oppfører seg som eit suffiks.

I dei fleste av døma mine kan eg vere rimeleg sikker på at *(-)ish* ikkje har trykk, og at det er eit suffiks. Dette er typisk i dei døma der *(-)ish* og medkonstituenten opptrer attributivt til kjernen i ein substantivfrase. Det er ei overvekt av denne attributive bruken, og det er i ein del av desse døma naturleg å sjå på *(-)ish* som ein konkurrent til *-aktig*.

Vidare er det ein god del døme der *(-)ish* tydeleg oppfører seg som eit suffiks til substantiv, men ein ikkje kan seie at det blir avleiningar til adjektiv. Det ser ut til å vere eit slags «svekkingssuffiks» i desse døma.

3.5 Korleis analysere semantisk

I den semantiske analysen har eg bygd på og jamført med tekstane til Kuzmack (2007) og Morris (2009). Sidan det var gjort semantisk analysearbeid på *(-)ish* i engelsk, var det også interessant å sjå på om dette passa inn med det norske bruksmønsteret. Som vi skal sjå i kapittel 5, er det mykje som samsvarar.

Det er ikkje viktig for den semantiske analysen om *(-)ish* er eit ord eller eit suffiks, så her har eg gått ut ifrå kva for ordklasse *(-)ish*-uttrykket tilhøyrer, og så sett på kva for moglege omskrivingar som kan nyttast i konvensjonell norsk.

¹⁵ <http://www.ht.no/kultur/article9678573.ece>

¹⁶ <http://www.ung.no/oss/helse/11199.html>

¹⁷ <http://www.webavisen.no/siste-nytt-om/disneyland-aktig.htm>

Den semantiske analysen handlar om å finne nokre overordna, generelle tydingar for *(-)ish*. I nokre av døma er det vanskeleg å seie sikkert korleis ein ville ha ordlagt seg i konvensjonell norsk. I desse døma kan ein kanskje sjå på *(-)ish* som noko som fyller eit funksjonelt hol i norsk.

4 Grammatisk analyse

I dette kapittelet ser eg på dei grammatiske eigenskapane til *(-)ish* i døma mine. Det er naudsynt med ei veldig fin sortering for å få fram alle dei moglege syntaktiske funksjonane. Difor er det fleire delar og nivå. Overordna er kapittelet delt inn i fire bolkar. Den første bolken tar føre seg dei døma der *(-)ish* opptrer som suffiks. Den andre bolken tar føre seg døma der *(-)ish* opptrer som ord. Den tredje bolken tar føre seg dei døma der det er vanskeleg å bestemme om *(-)ish* er eit ord eller eit suffiks. I den fjerde bolken kommenterer eg nokre interessante grammatiske trekk ved døma mine. Her dreg eg også inn tema som har vore belyste i kapittel 2. Eg har i liten grad jamført dette kapittelet med engelsk bruk, då eg ikkje har funne ein tilsvarende grammatisk analyse av *(-)ish* der.

Eg har sortert i inntil fem nivå:¹⁸

Det første nivået har eg sortert i to kategoriar: ord og suffiks. Her har eg vurdert ut ifrå kvar eg vil plassere trykk.

Det andre nivået tar føre seg kva for ordklasse (frasetype, setningstype) *(-)ish*-uttrykket er.

Det tredje nivået tar føre seg kva for ordklasse (frasetype, setningstype) medkonstituenten er.

I det fjerde nivået ser vi på i kva grad uttrykket er del av ein overkonstruksjon, og i så fall kva for type denne er.

I det femte nivået ser vi på kva for funksjon *(-)ish*-uttrykket har i overkonstruksjonen.

Eg kjem ikkje til å kommentere alle døma eg har tatt med, då ein god del av dei er like i struktur og bruk. Dei meir spesielle døma får fleire kommentarar. Der eg har gjort framlegg til ulike klassifiseringar, har eg kommentert dette. I nokre av døma vil eg trekkje inn meir av konteksten for å forklare kategoriseringa mi.

4.1 *(-)ish* er eit suffiks

I analysen min av uttrykka der *(-)ish* opptrer som suffiks, har eg valt å dele inn i dei ordklassane eller liknande desse heilskapane utgjer. Underkategoriane vil igjen vere delte inn etter kva for ordklassar eller liknande *(-)ish* opptrer saman med. Her vil ein kunne sjå at *(-)ish*

¹⁸ Det kan her vere nyttig å stø seg til innhalstslista undervegs.

som suffiks er lite selektivt i val av medkonstituentar, og at dei heilskapane som blir konstruerte, også varierer med tanke på ordklassar.

4.1.1 (-ish)-uttrykket er eit adjektiv

Det er ei overvekt av døme der (-)ish og medkonstituenten saman utgjer eit adjektiv. Av desse igjen er det substantiv som opptrer oftast som medkonstituent. Desse har eg delt inn i appellativ og proprium. Vidare er adjektiv som medkonstituent den nest største kategorien. Elles har eg eitt døme på årstal, eitt på verb (partisipp) og to setningar.

4.1.1.1 Medkonstituenten er eit substantiv (appellativ)

Her vil eg ordne døma mine etter kva for type overkonstruksjon (-)ish-uttrykket opptrer i. Det er flest nominal og deretter setningar. Nokre av døma har ingen overkonstruksjon og står altså ganske åleine.

4.1.1.1.1 Overkonstruksjonen er eit nominal

(-)ish-uttrykket fungerer som attributt:

- 71: Bandet spiller rocka elektroindie-pop-ish musikk.
- 1: Dritintenst, personlig, lavmælt og indie-ish drama om ei berte som blir fanget inn i en ekkel, religiøs sekt langt ute på landsbygda.
- 83: Nå ryktes det hett rundt en produktserie, hvor Zune er en iPod-ish MP3-spiller som trolig vil bli lansert i November.
- 67: Tittelen på Terje Thorsens debut Dikt fra ei nonne er preget med gule bokstaver i brun papp, og boken er utstyrt med det som på tysk kalles Lesebändchen, altså et litt bibel-ish bånd for å markere hvor man befinner seg i lesningen.
- 111: Støvel-ish sko i str 20-21?
- 54: - Også spiller jeg dobro. Det er en gitar-ish ting, men man kan slide på den også.
- 56: med gåsehudlyden av en crisp, mjuk, framtids-ish vri på sjelfulle slow jams, hiphop, bass og mye mer. Cashmere Cat-style.
- 230: Journalist'ish-gründer søkes til nytt prosjekt

I 56 har skrivaren lagt inn ein fuge-s i (-)ish-uttrykket. I 230 har eg valt å tolke dømet som *journalist-ish gründer*, og ikkje som eitt langt samansett ord.

4.1.1.1.2 Overkonstruksjonen er ei setning

Her opptrer (-)ish-uttrykket i hovudsak som subjektspredikativ. To av døma er objektspredikativ, og eitt er adverbial.

(-)ish-uttrykket fungerer som subjektspredikativ:

- 59: Når også prisen og utstyrspakken blir tatt med i beregningen, er slett ikke Juke et dumt alternativ i klassen små, høyreiste biler som liksom skal se suv-ish ut.
- 23: -Min linje er mer «boutique-ish», mens kjedebutikkene jo handler om å selge til massene.
- 42: (og demonstrerer dermed at de selv er av enda større format, mer nobelpris-ish).
- 167: Artikkelen om Wing chun og "body structure" - overraskende "taiji-ish"
- 44: Kontoret hennes er typisk professor-ish.

(-)ish-uttrykket fungerer som objektspredikativ:

- 76: - Eg tenkte kanskje du kunne klippe meg litt meir bob... ish? føreslo eg.
- 38: som beskriver sin egen låt som pop-country-ish med et Dolly Parton-fenomen; en alvorlig tekst med up-tempo melodi.

(-)ish-uttrykket fungerer som adverbial:

- 88: Kanskje vi begynte litt "boyband-ish", men etter en kort stund sluttet vi med dette

I 167 manglar kopula, og eg har tolka setninga som 'Artikkelen [...] [er] overraskende «taiji-ish»'. I 76 har eg vurdert å tolke (-)ish som eit eige ord, men ut ifrå konteksten, der (-)ish opptrer fleire gonger, er det mest rimeleg å tolke det som eit suffiks, trass i at det kjem etter fleire punktum, og med tydeleg pause. Det er også mogleg å sjå på uttrykket i 76 som eit adverbial.

4.1.1.3 Overkonstruksjon manglar

- 34: Men det går i fiskegrateng, litt barnemat-ish,
- 122: Litt nørd-ish
- 33: Et kilo ekstra (ikke mer!) har sneket seg på. Kort, lys lugg.
Boy-ish. Et ung sinn. Unge klær.

I 34 og 33 er det lett å skjøne av konteksten kva (-)ish-uttrykka skildrar, medan i 122, som er ei overskrift, må ein ty til meir av konteksten for å forstå innhaldet fullt ut. Men sidan *litt* står til resten av uttrykket som modifiserar, er det rimeleg å tolke det som eit adjektiv.

4.1.1.2 Medkonstituenten er eit substantiv (proprium)

Ein del av døma har proprium som medkonstituent. Desse er delte inn etter overkonstruksjonane nominal og setningar, og nokre av døma har heller ikkje her overkonstruksjon.

4.1.1.2.1 Overkonstruksjonen er eit nominal

I alle desse døma fungerer (-)ish-uttrykket som attributt:

- 5: - en passe raspe, punkete og Iggy'ish sak.
- 40: - men likevel en direkte abba'ish poplåt i sine sentrale deler.
- 49: «Svart kompetent utført ZZ Top-ish, dypt heterofil sørstatsboogie»
- 30: «Twin Peaks»-ish mystikk og generelle gys og skrekkfilmgrøss
- 6: 4 gutter bygger spark som skal være med på «ta sjansen-ish» arrangement i Oslo.
- 81: Grant spiller et tidligere medlem i et Kajagoogoo-«ish» poporkester, og leverer replikkene med sin patenterte, uovertrufne ekkelhet.
- 156: Jeg prøver nemlig en atkins-ish diett nå, med under 20 % karbohydrater.
- 85: Selv spiller han sart, forsiktig simon-og-garfunkel-ish gitarmusikk

4.1.1.2.2 Overkonstruksjonen er ei setning

(-)ish-uttrykket fungerer som subjektspredikativ:

- 63: - Det blir livlig og fresht, og veldig Broadway-ish.
- 65: - Videoen blir litt Tarantino-ish.
- 46: Bratten har kort, svart skinnjakke. Er never, litt mystisk, litt [E]dith Piaf-ish.
- 62: Den hadde ikke trengt å være som Colosseum, men det hadde vært kult om den ble Klingenberg-ish.
- 121: Fredagsbrus 149: Vegard Lund'ish
- 26: Jeg ville heller sagt funky og "londonish", repliserer Blix, som etter mange år i bransjen har vært gjennom tre "minimalistiske" perioder
- 20: Støyen av kakling og det estetiske nivået på gjestene er nærmest newyorkish, men køhåndtering og service er dessverre på norsk nivå.

I 121 har eg tolka dømet som ei setning som manglar kopula: *Fredagsbrus 149 er Vegard Lund'ish*.

(-)ish-uttrykket fungerer som objektspredikativ:

- 73: - Eg trur me klipper deg litt slik shane-ish, sa ho

Her er ei alternativ tolking at (-)ish-uttrykket fungerer som adverbial.

(-)ish-uttrykket fungerer som adverbial:

- 13: ikke minst Pretend To Dance, som litt «Abba'ish» kanskje er platens beste låt.

Dei fleste døma her har ord som modifiserer uttrykket; *litt*, *litt slik* og *veldig*. I 121 manglar setninga kopula, og i 26 har eg tolka setninga som ‘Jeg ville heller sagt at det/den var/er funky og londonish’.

4.1.1.2.3 Overkonstruksjon manglar

- 86: «Two planes crash into World Trade Center» blir for tamt. BBC-ish, liksom.
- 196: Ezekiel - ish
- 176: Liechtenauer-ish i Tønsberg?
- 200: Midtskille og flette på hver side som møtes bak. Litt Olivia Palermo-ish, men allikevel annerledes.
- 192: Noe særlig ”Hot Toddies” (Randy Newman-ish) og ”Steady Pace” (The Band-ish) er utsøkte eksempler på.
- 77: SHANE-ISH: Frisørane er eit til det keisame utskjelt folkeferd. Det er truleg fortent, skriv søndagsgjesten Agnes Ravatn, som for ordens skull ikkje er med på dette biletet. ARKIVFOTO: RUNE SÆVIG

I 77 er dømet overskrifta til ein bilettekst, og må tolkast som eit adjektiv sidan det viser til hovudteksten der *Shane-ish* blir brukt for å beskrive ein hårfryse.

I 196 er *Ezekiel-ish* brukt attributivt til *brød* i den vidare teksten dømet er henta frå, så då kan eg gå ut i frå at også overskrifta skal vere eit adjektiv.

I 86 og 200 har eg tatt med det som står før «setninga» dømet opptrer i, då døma viser til noko som kjem før punktumet. I 86 kan ein tenkje seg at *BBC-ish* fungerer som eit subjektspredikativ til den føregåande setninga. Dersom dette er ei rett tolking, kan ein ikkje seie at dømet manglar overkonstruksjon.

I 176 skjøna eg ikkje heilt kva denne overskrifta skulle vise til, men ved hjelp av konteksten forstod eg at overskrifta mangla kjerne i nominalet, og at det var eit sverd det var snakk om. Dette er frå eit webforum, og innlegget var:

Noen i Tønsberg-området / Vestfold som driver med langsverd etter tysk maner? Har langsverd og slåss sammen med Tunsbergleidangen. En fin gjeng men linjestrid ligger litt på siden av det jeg har mest lyst til (1300-tall++) selv om det er utmerket kamptréning. Leter derfor etter noen jeg kan sparre med i tillegg til å daske viking-style.¹⁹

I 192 blir døma brukte for å forklare kva for type artistar banda/utøvarane minner om, og står utan eigentleg overkonstruksjon.

¹⁹ <http://forum.blankvaapen.org/showthread.php?t=1155>

4.1.1.3 Medkonstituenten er eit adjektiv

Også her vil eg sortere ut ifrå overkonstruksjon, og deretter gå ned på funksjonsnivå. Nominal er den største gruppa av overkonstruksjon, deretter kjem setning og til slutt dei som ikkje har nokon overkonstruksjon.

4.1.1.3.1 Overkonstruksjonen er eit nominal

(-)ish-uttrykket fungerer som attributt:

- 101: Marokkansk-ish gryte i trykkoker
- 66: - Jeg har på meg en uttørket rød-ish bukse som jeg er veldig fornøyd med.
- 51: En sterk helhetlig plate, med fine indierock-melodier kombinert med en unik-ish vokal og god lyrikk utgjør teringkast fem på terneringen fra Filters anmelder.
- 82: Naken reåpnet i januar med jentekvelder hver lørdag og har fått barokk-ish sølvtapet og litt trash-classy interiør.
- 3: I dette nye heimelivet er det mangt ei raudgrøn-ish dame som meg burde setje pris på, ikkje minst fordi det er ein trend som kan få fleire til å bu på bygda.
- 92: P85 rød MC legges ut til "gammel ish" pris på finn idag. fri omreg og 2800 km
- 225: Se eventyrlig-ish Nicki Minaj på BET Awards
- 2: Ludvigsen Gaute Ludvigsen (Gautokeino/Gautomatikk Band) spiller akustisk(ish)e julesanger mest egnert for folk som tar seg en tur på byen lille-juleaften.
- 170: Jeg har noen hvite ish prikker/ uthevelser rett under penishodet, på vær side av strengen som er under penishodet.
- 169: Ballkjole lyseblåturkis-ish
- 96: Indi-ish kyllingsalat med madrascurrydressing

I 101 og 96 ser vi at brukarane ynskjer å nytte nasjonalitets/kultur-adjektiva for å skildre gryta og salaten. I *Marokkansk-ish* har skrivaren behalde *-sk* -endinga, medan i *Indi-ish* har skrivaren fjerna denne, og lagt til *-ish*. Dette kommenterer eg meir seinare.

I 3, 66, 169 og 170 står (-)ish til fargar, noko som ser ut til å vere ein ganske vanleg og innarbeidd bruk av uttrykket. I 169 står heilskapen (-)ish som er del av, postattributivt. Dette har eg nokre fleire døme på i materialet mitt, og framstår for meg som ein meir skriftspråkleg eigenskap enn munnleg. I 66 kan eg ikkje vere sikker på om (-)ish står til *rød* eller til *uttørket rød*, men *uttørket rød* verkar meir naturleg enn at buksa er uttørka.

I 82 er det alternativt mogleg å tolke *barokk* som eit substantiv, men ordet kan opptre både som adjektiv og substantiv, så eg har gått for å klassifisere det under adjektiva. Tydinga blir uansett den same.

I 92 og 170 har eg tolka bruken som suffiks sjølv om (-)ish står etter eit mellomrom og utan andre ortografiske skiljeteikn. Dette er fordi det er den einaste analysen som gir eit nokolunde velforma uttrykk. I 92 har brukaren også samla *gammel* og *ish* i hermeteikn, noko som også talar for at desse to skal lesast som *ei* eining. Som eg har vore inne på tidlegare, er mest alle døma mine henta frå uformelle tekstar der skrivarane ikkje ser ut til å vere spesielt opptekne av rettskriving. I tillegg er mange usikre på reglar for sær- og samskriving, noko som fører til at ord som består av stamme og avleiningssuffiks også kan bli skrivne som to «ord».

I 170 står (-)ish etter eit bøygd ord, og dette er noko eg vil ta nærmere for meg seinare i analysen.

2 er kanskje det mest interessante av desse døma. Her har skrivaren sett (-)ish i parentes og plassert bøyingsendinga utanfor denne att. Dette vil eg kommentere nærmere seinare.

4.1.1.3.2 Overkonstruksjonen er ei setning

(-)ish-uttrykket fungerer som subjektspredikativ:

- 198: Formen bør være rund-ish, men det er ikke så nøyne.
- 17: historien er OK-ish og selve spillmekanismene er minst ti ganger bedre implementert enn hva de var i det første spillet i serien eller i «Aralon»
- 39: Prøver fortvilt å være rutinert-ish i en ellers kaotisk hverdag.
- 58: Når alle er helt enige. Det vil si, enig-ish. Litt sånn omtrent. Temmelig uenige, men i nabofylket til enige, i alle fall, tjå
- 25: Det skal være gjenkjennbart hvilket verk vi spiller. Ish.
Gjenkjennbart-ish.²⁰
- 32: tilbyr noe friskt i en sjanger som ofte kan bli litt for tonika-subdominantdominant-ish, hvis du skjønner hva jeg mener

(-)ish-uttrykket fungerer som objektspredikativ:

- 199: Press tertedeigen flat-ish, gjerne formet som en sirkel

(-)ish-uttrykket fungerer som adverbial:

- 222: Katy Perry gjør det retro-ish ♪

²⁰ Mi understrekning for å synleggjere kva for eit av dei to (-)ish-døma eg skal kommentere

I 32 lurer skrivaren på om «lesaren skjønar kva han meiner». Det gjer eg ikkje, men eg skjønar at han brukar eit lengre, samansett uttrykk for å skildre korleis ein sjanger kan vere. Det er litt usikkert om eg skal klassifisere medkonstituenten som ein frase eller eit ord, men heilskapen er i alle fall eit adjektiv som her opptrer som subjektspredikativ.

I 58 og 25 ser vi att noko av det eg var inne på ovanfor. I 25 er det den siste delen av dømet som gjeld i denne bolken. Den delen der (-)ish står for seg sjølv vil eg kome tilbake til under orddelen av analysen. (-)ish står her til eit bøygde ord,²¹ men opptrer elles som eit vanleg subjektspredikativ. I 222 har eg tolka *retro-ish* som adverbial i setninga. Det peikar i så fall på at ho gjer noko på ‘ein retro-ish måte’. Ei alternativ tolking er at ho ‘gjer noko om til å bli retro-ish’, då er det i så fall eit objektspredikativ. Konteksten gir ikkje noko svar på kva for ei av desse tolkingane som er rett.

4.1.1.3.3 Overkonstruksjon manglar

75: - Litt slik brun-ish, sa Michelle.

185: Blue(ish)...

134: Perfekt-ish

147: Rosa-ish

149: Green ish

Her er alle døma så nær som 75 henta frå overskrifter, så det er ikkje så mykje å kommentere anna enn at medkonstituenten er eit adjektiv, og det då er rimeleg å anta at også heile uttrykket er det. I 75 har (-)ish-uttrykket fått ein modifiserar i *litt slik*. I både 185 og 149 er medkonstituenten engelsk, og desse døma er henta frå overskrifter der resten av teksten er skriven på norsk.

4.1.1.4 Medkonstituenten er ei setning

Nokre av døma har ei heil setning som medkonstituent. Her må skrivaren ty til fleire ord for å få eit adjektiv som forklrarar det vedkomande vil seie.

4.1.1.4.1 Overkonstruksjonen er eit nominal

Her fungerer (-)ish-uttrykket som attributt.

227: Divergent: «Hunger Games møter The Breakfast Club»-ish dystopi

4.1.1.4.2 Overkonstruksjonen er ei setning

Her fungerer (-)ish-uttrykket som subjektspredikativ:

²¹ Dette kjem eg tilbake til sidan.

- 21: En av Norges kuleste frontdamer kroker opp med produsent Thomas Eriksen og blir halv-Robyn-møter-Briskeby-ish på en måte som kler henne uendelig mye bedre enn Lise Of The Woods-greiene.

4.1.1.5 Medkonstituenten er eit verb (partisipp)

- 146: Skadet minnekort [løst-ish]

Her har skrivaren lagt inn ei sak på eit webforum. Innhaldet i skarpe klammer må ha blitt lagt til seinare når vedkomande har fått hjelp, og eg tolkar det som ‘saken er løst-ish’. Det er ikkje veldig mange døme på at (-)ish blir brukt til verb, men partisipp oppfører seg ofte som adjektiv, så ein kan eventuelt tenkje seg at dømet kunne ha vore plassert mellom desse.

4.1.1.6 Medkonstituenten er eit årstal

Dette dømet knyter det seg litt uvisse til. Eg har tenkt på det som ein nominalfrase utan kjerne, men det er vanskeleg å forstå tydinga her.

- 48: 50 Cent- konsert i kveld. Angrer som en hund på at jeg ikke pakket med meg genser fra G-Unit da jeg flyttet fra Tromsø. Populær 2004-ish!

Det er mest truleg genser som er *populær 2004-ish*.

4.1.2 (-)ish-uttrykket er brukt som eit substantiv eller ei substantivfrase

Dette underkapittelet ser på døma der (-)ish-uttrykket opptrer som eit substantiv eller ein substantivfrase. Dette er noko som skil seg frå bruken i engelsk (så vidt eg kjenner til), og er såleis spesielt interessant. Overordna ser vi på medkonstituentane i uttrykka. Her har eg delt inn i substantiv/substantivfrase, proprium, adjektiv eller substantiv, setning og kvantor,

4.1.2.1 Medkonstituenten er eit substantiv (appellativ) eller ein substantivfrase

Her har eg vidare delt inn i overkonstruksjonane, som er setning, preposisjonsfrase, nominal apposisjon og overkonstruksjon manglar. Desse er igjen inndelte etter funksjonen til (-)ish-uttrykket.

4.1.2.1.1 Overkonstruksjonen er ei setning

(-)ish-uttrykket fungerer som objekt (eller adverbial):

- 15: Alle snakker flytende manusforfatterish, med usannsynlig velplasserte punchlines og fasader som slår godt timede sprekker.
- 14: Men både sønn (Michael Hall D'Addario) og mor (Elizabeth Banks) snakker flytende manusforfatterish, og har alltid en velplassert sarkasme å komme med, i «People Like Us».

Begge desse døma kan tolkast som at dei anten snakkar på ein ‘manusfatterish måte’ eller som at dei snakkar «språket» manusfatterish. Difor har eg valt å omtale funksjonen som både objekt (substantiv) og adverbial (adjektiv) sjølv om eg har tatt med dømet under substantiva. Eg meiner sjølv at dette er brukt som substantiv, og det er difor det er med her. Dette er av dei få døma mine der medkonstituenten er samanskiven med (-)ish.

(-)ish-uttrykket fungerer som objekt:

10: VIL LÆRE BARNA ENGEL-ISH

Dette er eit døme som er henta frå ein bilettekst. Det er truleg difor setninga manglar subjekt.

(-)ish-uttrykket fungerer som objektspredikativ:

16: «Hanne-tid-ish» kaller jeg det.

(-)ish-uttrykket fungerer som adverbial:

218: og vi pratet masse om hva som hadde skjedd det siste året-ish.

Her er (-)ish lagt til ein frase, *det siste året*, og fungerer som eit suffiks som modifiserer heile denne.

(-)ish-uttrykket fungerer som subjekt:

37: Mandag var kurset «Mosaikk'ish» ferdig

Her er (-)ish del av eit proprium og dette igjen er ein nominal apposisjon.

4.1.2.1.2 Overkonstruksjonen er ein preposisjonsfrase

(-)ish-uttrykket fungerer som utfylling:

123: Eit eventyr (på nynorsk-ish)

87: Følelsesladet blanding av post rock-ish, mørk melankoli, kokosnøtter og spaghetti-western.

I 87 er (-)ish-uttrykket del av ei oppramsing av «ingrediensane» i skildringa av musikken eller konserten til eit band.

4.1.2.1.3 Overkonstruksjonen er nominal apposisjon

(-)ish-uttrykket fungerer som apposisjon:

52: - Vi er veldig spente før konkurransen, sier Hønefossbandet som har lagt hjerte og sjel i sjangeren country-ish, skal vi forstå dem riktig.

4.1.2.1.4 Overkonstruksjon manglar

- 91: Code name “Götterdämmerung” – part 2’ish
186: Paljett kjole/tunika-ish
229: Guide’ish; Selvpublisering
94: Anmeldelse(ish): Shevils – Lost In Tartarus
140: Feil link-ish
232: Beatles - er det egentlig noe å diskutere? (OBS! Spoilere-ish)

I 232 står (-)ish etter eit fleirtalsbøyg substantiv. Bøyingsendinga har altså ikkje kome utanpå suffikset. Dette kjem vi meir inn på seinare.

4.1.2.2 Medkonstituenten er eit proprium

4.1.2.2.1 Overkonstruksjonen er ein preposisjonsfrase

- 137: Sti fra Store Tryvann-ish til Blankvann-ish?

I denne substantivfrasen er det to preposisjonsfrasar som begge har (-)ish-uttrykk som utfylling.

4.1.2.2.2 Overkonstruksjon manglar

- 224: Team Perfect(ish!)

Dette er eit heste-team. (*ish!*) er ein del av propriet, og forklaringa finn vi i illustrasjon 4.1.²²



Illustrasjon 4.1. Team Perfect(ish!)

²² <http://www.teamperfect-ish.com/70071147>. Nettsida er ikkje tilgjengeleg lenger.

4.1.2.3 Medkonstituenten er adjektiv eller substantiv

177: Alternativ-ish

Dette er ein kategori på ei nettside for bøker, *bokelskere.no*. Her kan brukarane sjølv opprette eigne kategoriar.

4.1.2.4 Medkonstituenten er ei setning

53: Å ikke ha et gjøremål blir betegnet som latskap. «Du har for god tid»-ish.

I dette dømet er det naudsynt å ta med setninga som står framfor punktumet for å forstå uttrykket. (-)ish-uttrykket har ei setning som medkonstituent, og det ser ut til å fungere som ein nominal apposisjon til *latskap*.

4.1.2.5 Medkonstituenten er ein kvantor

55: Sesong 17(ish) av «4stjerners middag»...

Her er (-)ish-uttrykket kjerne i ein substantivfrase. Her kan ei tolking vere at (-)ish opptrer saman med 17, men det er også mogleg å tolke slik at det opptrer saman med *Sesong 17*. I så fall er medkonstituenten ein substantivfrase.

4.1.3 (-)ish-uttrykket er eit substantiv eller eit adjektiv

I dette underkapittelet er det vanskeleg å avgjere i kva grad heilskapen er eit substantiv eller eit adjektiv. Det kan vere at ein bør rekne desse heilskapane som adjektiv, men sidan vi elles har døme der heilskapen må vere substantiv, er det ikkje heilt rett å berre rekne desse som adjektiv. I dette underkapittelet har eg slått saman døma, og har ikkje like nyansert sortering som i dei andre. I alle døma så nær som i eitt, manglar det overkonstruksjon, så eg vil berre syne fram nokre av desse døma det er vanskeleg å analysere.

4.1.3.1 Overkonstruksjonen er ei setning

(-)ish-uttrykket fungerer som objektspredikativ:

47: Bandets sjanger kaller hun punk-ish

4.1.3.1.1 Overkonstruksjon manglar

117: Detox-ish

187: Geo-tagging-ish

127: Lasagne-ish

93: Liksom, rosablogging-ish

- 175: Selvkomponert melodisk death metal-ish
- 97: Sommer-ish
- 80: Aylar'ish
- 143: Bollywood-ish
- 103: Hansa 365-ish?
- 154: Jiggy-ish
- 132: Kölsch-ish
- 116: Norsk RAC-ish
- 159: So.. Heidalexandra-ish?
- 109: Retro-vintage-ish

Alle desse døma kan anten vere substantiv (appellativ eller proprium), eller dei kan vere attributt i nominalfrasar utan kjerne. Dersom det siste er rett, manglar det ikkje overkonstruksjon. I 109 er det også mogleg å tolke medkonstituenten som eit adjektiv.

4.1.4 (-)ish-uttrykket er ein kvantor

I alle desse døma er medkonstituenten også ein kvantor, men i nokre av døma kan ein spørje seg om det eigentleg er eit substantiv som er medkonstituenten, då det står ei måleeining mellom kvantoren og (-)ish. Men sidan det er kvantoren som skal modifiserast, og ikkje måleeininga, har eg rekna desse med mellom kvantorane. Desse døma vil eg kommentere kort seinare i kapittelet.

4.1.4.1 Overkonstruksjonen er ei setning (eller ein infinitivskonstruksjon)

(-)ish-uttrykket fungerer som subjektspredikativ:

- 11: – Skal vi se, det er vel rundt ørten. Ørten-ish, for å være helt unøyaktig?.
- 18: Den yngste er sju, de ikke fullt så yngste er 50-ish.
- 22: Hcp: 7-ish
- 191: Høyde: 183 ish
- 126: Noe av det beste med å være 30-ish...
- 84: Vekt: 90-ish, håper jeg.

I 22, 191 og 84 har eg rekna for å vere setningar som manglar kopula. I 126 er predikativet del av ein infinitivskonstruksjon.

4.1.4.2 Overkonstruksjonen er eit nominal

(-)ish-uttrykket fungerer som bestemmar:

- 163: 9-ish ting som bare er ok på festival
- 194: Av 250-ish deltagere var 50-ish av dem kvinner.
- 202: Har noen erfaring med lammelår på WSM? Vil helst ha den på 50-ish grader men usikker på om jeg får det til.
- 183: Men i ettertid så mener jeg Bungie sa det var et tidsrom på 5-ish timer som du måtte ha vært innom, som da starter 10 eller 11.
- 118: Søker webdesigner til design av 30-ish nettsider

(-)ish-uttrykket fungerer som attributt eller postattributt:

- 164: så begynner hu 40-ish dama som nettop gav deg litt vann å se ganske så fresh ut
- 119: Komplett 25-50ccm'ish bensinmodell ønskes kjøpt
- 240: 78L-ish "vanlig" kjele" + blingmann perforert bunn?
- 145: Ny tv - prisklasse 7000-ish størrelse > 46 tommer

4.1.4.3 Overkonstruksjonen er ein preposisjonsfrase

(-)ish-uttrykket fungerer som utfylling:

- 216: Maksimum inntekt på 140k-ish
- 217: tror fett% ligger på sånn 15 ish begynner å se ruter i hvertfall

4.1.4.4 Overkonstruksjon manglar

- 189: Scarpa Pegasus randsko (passer dynafit) str 255 (39/40 ish)

Her står (39/40 ish) som eit forklarande element til storleiken på skorne som ein slags nominal apposisjon til setninga før parentesen.

4.1.5 (-)ish-uttrykket er eit klokkeslett

Ein av bruksmåtane ein kanskje oftast legg merke til i tale, er den vi finn i klokkeslett. Denne bruken er relativt smålåten i dette materialet samanlikna med annan bruk, og samanlikna med kva for forventingar eg hadde. Det er truleg at dette er på grunn av at ein ikkje i like stor grad har behov for å uttrykkje unøyaktige tidspunkt i forteljande tekst. Dette er meir ein uttrykksmåte for samtaler.

4.1.5.1 Overkonstruksjonen er ei setning

(-)ish-uttrykket fungerer som adverbial:

- 151: FERDIG KLOKKEN 18:00'ISH

Her har eg tolka uttrykket som 'det er ferdig klokka 18:00'ish', så setninga her manglar subjekt og verbal.

(-)ish-uttrykket fungerer som subjektspredikativ:

- 36: Klokka er 0400-ish

4.1.5.2 Overkonstruksjonen er ein preposisjonsfrase

(-)ish-uttrykket fungerer som utfylling:

- 206: jeg skal nemlig på p3 fra 8-ish, så det er bare å skru på om du vil høre morgenstemmen min.

- 69: Vi lå i senga til ti-ish. En helt nydelig morgen.

4.1.6 Overkonstruksjon manglar

- 61: Rett nok er denne generasjonen fremdeles opptatt av ikke å ringe i middagstiden, men hvem vet når folk spiser middag lenger? Syv? Åtte? Ni-ish?

- 184: Kl 14-ish

- 57: oslo tid: 23:00-ish og (flYtende) Utover (disco mean time)

I 61 kan ein eventuelt tolke uttrykket inn i den føregåande setninga sidan det er eit spørjande svar til spørsmålet som blir stilt der. I så fall fungerer uttrykket som adverbial.

4.1.7 (-)ish-uttrykket er eit årstal

- 207: Rundt 2006-ish, hvis jeg ikke husker feil

- 234: Aragon Palladium fra 1994 ish...

Her er overkonstruksjonen preposisjonsfrase, og (-)ish-uttrykket fungerer som utfylling.

4.2 Ish er eit ord

I dette underkapittelet ser eg på dei få døma der eg kan vere heilt sikker på at *ish* er eit ord: der *ish* tydeleg står skilt frå dei andre orda i heilskapen det opptrer i, og der *ish* er føreledd i ei samansetjing. I dette kapittelet sorterer eg ikkje så fint som i dei føregåande. Dette er fordi det er nokså få døme. *Ish* fungerer hovudsakleg som eit adverb når det er eit sjølvstendig ord.

4.2.1 Ish er føreledd i ei samansetjing

- 28: Den gylne regelen er å være tydelig, slik at de involverte er klar over ish-aspektet.

- 27: Ha «ish-tid»

- 50: Være på ish-tid.

Alle desse døma er knytte til tid, men i 28 kjem dette til syne først ved å undersøke konteksten. 27 og 28 er henta frå den same teksten, der 27 er overskrifta til avsnittet der 28 er

med.²³ Her er det vanskeleg å avgjere grammatisk kva ordklasse *ish* har, men dei fleste sjølvstendige *ish* opptrer adverbialt, så eg har halla mot den klassifiseringa også her, sjølv om samansetjingar med *tid* kan ha ord av ulike ordklassar som forledd (*sommartid*, *notid*, *sanntid*, *overtid* m.m.).

4.2.2 *Ish* er eit sjølvstendig ord

4.2.2.1 *Ish* er eit adverb

Medkonstituenten er eit adjektiv:

239: Altfor ivrig! Ish

24: Det skal være gjenkjennbart hvilket verk vi spiller. Ish. Gjenkjennbart-ish.²⁴

Medkonstituenten er eit substantiv eller ein substantivfrase:

135: Strekkmerker, ish?

165: Reiseruten. Ish.

99: Sol,Sykkel og Pudder...ish

110: Moderne Frida. Ish.

115: Jambalaya ...ish

Medkonstituenten er eit verb:

139: DIY: Skappelgenseren – åja, vi strikker også..ish!

I alle desse døma står *ish* som ein dempar til det som står uttrykt framfor. I 139 ser vi eit døme på at *ish* står til eit finitt verbal. Det kan diskuterast om *ish* står til heile ytringa, men sidan verbet er kjernen i ytringar, er det ikkje urimeleg å påstå at *ish* modifiserer verbet. Sidan *ish* i alle desse døma kjem etter ei ytring og modifiserer denne, har eg her klassifisert *ish* som adverb.

4.2.2.2 *Ish* er eit adjektiv

45: - Jeg er veldig «ish» på tiden.

Dette er det einaste dømet i heile materialet mitt der *ish* står som eit eige, sjølvstendig ord inne i ei setning, og det einaste dømet (som ord) der *ish* er nøydd til å vere med for at setninga skal bli grammatisk fullstendig. Her er adjektivet brukt som subjektspredikativ, og skil seg frå den adverbiale bruken vi såg på ovanfor.

²³ Alle døma eg har på at *ish* er eit føreledd, er skrivne av den same forfattaren.

²⁴ Mi understrekning for å synleggjere kva for eitt av døma som er meint.

4.3 Usikkert om (-)ish er ord eller suffiks

I denne bolken ser eg på dei døma der det er vanskeleg å avgjere i kva grad (-)ish opptrer som ord eller suffiks. I fleire av desse døma er (-)ish plassert etter eit mellomrom eller i ein parentes. Nokre av dei ville eg sjølv ha plassert trykk på, sjølv om det ortografiske ikkje vitnar om denne uttalemåten. Difor vert desse handsama for seg sjølv.

4.3.1 (-)ish-uttrykket er eit substantiv eller ein substantivfrase

4.3.1.1 Overkonstruksjonen er ein preposisjonsfrase

(-)ish-uttrykket fungerer som utfylling:

- 213: Vi var tilbake på Folkehøyskolen ish.
- 233: horn med marsipan/ish inni
- 208: i en månedstid ish
- 214: Men vi var på utflykt til et magisk slott ish.
- 209: Delenummeret på dem slutter iallefall med N62 ish
- 226: Folk i Tynset (ish) området?

I alle desse døma så nær som i 233 har skrivarane valt å skrive (-)ish etter eit mellomrom. Det kan tyde på at dei ser på det som eit ord, men det kan også vere eit utslag av usikkerheit knytt til rettskrivingsreglar. Eg vil «godta» desse opplesne både med og utan trykk.

I 233 har skrivaren sett ein skråstrek mellom medkonstituenten og (-)ish. Det er usikkert for meg om han eller ho meiner at det er eit nytt ord som skal tyde ‘noko marsipanliknande’ og som skal jamstillast med marsipan eller om vedkomande skriv suffikset på denne måten.

I 226 står (-)ish fråskilt medkonstituenten med både parentes og mellomrom. Men skrivaren har ikkje skrive heile uttrykket saman heller. Så som i dei andre døma ovanfor kan dette også vere grunna manglande rettskrivingskunnskapar. Det er vanskeleg å vite om det skal vere ‘Tynsetish-området’ eller ‘Tynset-ishområdet’ eller om (-)ish og området er ein pleonasme i ein spesiell grammatisk konstruksjon. Denne siste tolkinga verkar mest rimeleg for meg.

Det kan også nemnast at N62 kanskje er spesielt å klassifisere som substantiv, men det oppfører seg som eitt, og difor har eg tatt det med i denne klassen.

4.3.1.2 Overkonstruksjonen er ei setning

(-)ish-uttrykket fungerer som subjekt:

- 29: miljøpartiet de mektige (-ish) bestemte seg for at bevisene for at påbudet ville virke var for uklare

Først vil eg peike på at det er vanskeleg å seie sikkert om overkonstruksjonen er setning eller om det er eit nominal. Eg oppfattar (-)ish som ein modifiserar til heile substantivfrasen, men det går også an å sjå på (-)ish som modifiserar til berre *mektige*.

4.3.1.3 Overkonstruksjon manglar

- 113: SELER - en guide - ish
158: Buorm, Fredrikstad(ish)
106: Chihuahua oppdrettere, rogaland ish. (ev. kristiansund)
203: Fra Gjerdum (Ved Gardermoen ish)
160: Hverdag(ish)

4.3.2 (-)ish-uttrykket er eit adjektiv eller ein adjektivfrase

4.3.2.1 Overkonstruksjonen er eit nominal

(-)ish-uttrykket fungerer som attributt:

- 235: BK-16 ('ish) horn av hobbyplater
125: Suzuki katana 50ac: diverse trim(ish) spm+

(-)ish-uttrykket fungerer som bestemmar:

- 136: Kjøpe 4" (ish) fulltone i Norge

4.3.2.2 Overkonstruksjonen er ei setning

(-)ish-uttrykket fungerer som adverbial:

- 31: Brølte når de tok bilder, «Metro Goldwyn Mayer»aktig(ish).

I 31 kjem (-)ish utanfor suffikset *-aktig*. Dette ser eg nærmere på i 4.4.1 og 5.3.3.

4.3.3 (-)ish-uttrykket er ein kvantor

I alle desse døma er (-)ish skrive fråskilt med konstituenten med mellomrom. Her er ingen andre ortografiske skiljeteikn. Dette treng ikkje bety at det må tolkast som eit ord, som eg har vore inne på tidlegare.

4.3.3.1 Overkonstruksjonen er eit nominal

(-)ish-uttrykket fungerer som bestemmar:

- 190: Vi hadde 32 flasker, vi tok rundt 1-4 shots av rundt 15-25 ish flasker og alle var 20% - 47%

(-)ish-uttrykket fungerer som postattributt:

174: skummadrass 1200*2000*30 ish. tjukkas/gymmaddras til unge rekruktene i Grenland

4.3.3.2 Overkonstruksjonen er ein preposisjonsfrase

(-)ish-uttrykket fungerer som utfylling:

205: kjøp ram brikker fra komplet.no, ligger på 200 kr ish og er så sinnsykt lett å bytte

4.3.3.3 Overkonstruksjon manglar

211: Hvor mye er det snakk om? 25 meter ish

212: Hvor mye er det snakk om? tja 20 til 25 meter ish :)

150: 1200GRAM ISH

I 211 og 212 kan ein eventuelt tolke uttrykka inn i spørsmålet foran og seie at dei fungerer som utfylling i preposisjonsfrasen ‘det er snakk om 25 meter ish’.

4.3.4 (-)ish-uttrykket er eit adverb

100: Ettersøkt pedofil knyttes til døde barn -ish

I dette dømet har skrivaren lagt inn ein bindestrek, men det er mogleg at han skal tolkast som ein tankestrek. Eg oppfattar at (-)ish står til verbet, men meininga blir den same om det står som eit suffiks (eller ord) til heile setninga. Grunnen til at eg tolkar knytinga av (-)ish til verbet her, er at det i den vidare teksten kjem fram at den einaste tilknytinga vedkomande har til dei drepte borna, er at han er faren deira. Han kan ikkje knytast til sjølve drapshandlinga.²⁵

4.3.5 (-)ish-uttrykket er ein dato (og overkonstruksjon manglar)

152: Kongsvinger og sørover (Sandeford?) 15. mars(ish)??

35: Lykke til 22. april (ish).

4.4 Diskusjon

I dette delkapittelet ser eg nærmare på nokre av døma i lys av tema frå kapittel 2 og kommenterer nokre interessante grammatiske trekk .

4.4.1 Frie og bundne former

Vi vender attende til Martin Haspelmaths (2002) typiske trekk for frie og bundne former.

Det første kjenneteiknet han set opp, er prosodi. Ein kan ta (lengre) pausar mellom frie ordformer.

²⁵ <http://tjomlid.com/2010/05/21/etters%C3%B8kt-pedofil-knyttes-til-d%C3%B8de-barn-ish/>

24: Det skal være gjenkjennbart hvilket verk vi spiller. Ish. Gjenkjennbart-ish.

I 24 ser vi to variantar av *(-)ish*. Det første kan ha pause (står etter eit punktum og peikar på noko lenger bak i setninga («scattered»)), medan det andre knapt kan det. Dette talar for at det første *(-)ish* er ei fri form, medan det andre er ei bunden form.

Det andre kjenneteiknet Haspelmath nemner er kontrastivt trykk. Han seier at dei frie formene kan ha kontrastivt trykk, medan dei bundne ikkje kan ha det. Kuzmack (2007) viser at *(-)ish* som avleiingssuffiks kan uttalast med kontrastivt trykk, men då i samanliknande bruk (jf.

2.1.1).

Samanliknande kontrastivt trykk av avleiingssuffikset *(-)ish* kan ein få til i norsk også:

Konstruert døme: Hatten er grøn, men kjolen er grøn-ISh

Men ein kan ikkje seie følgjande døme utan ein samanliknande kontekst:

Konstruert døme: Den kjolen er grøn-ISh

Kontrastivt trykk på dei frie *ish* er også mogleg:

- JEG er veldig «ish» på tiden.
- Jeg er veldig «ISH» på tiden.

Det tredje trekket er utbryting. Det vil vere mogleg å seie:

«Det er veldig ish jeg er på tiden» eller «det er ish jeg er på tiden».

Men ikkje som i neste setning, der *ish* er skilt frå *abba*:

*Det er ish likevel en direkte abba poplåt i sine sentrale deler

Det fjerde trekket er koordinering. I tekst kan ein i nokon grad godta koordinering med avleiingssuffikset på grunn av bindestreken, men i tale kan det lett misforståast slik at *-ish* berre står til det siste konjunktet:

Konstruert døme: ??Kulen er vond- og blå-ish

Det frie *ish* i samansetjing kan kanskje godtakast i tekst, men kanskje ikkje i tale:

Konstruert døme: ?Ho snakka om ishtid og -aspekt

Det femte trekket er trykk. Bundne former kan bare trykket til ordforma dei er del av, men kan ikkje ha sjølvstendig trykk (utanom kontrastivt trykk). Dei frie formene kan ha eige trykk:

Når det gjeld (-)ish som suffiks, synest eg det er vanskeleg å avgjere om dei kan bere ordtrykket. Ved nokre leseprøver framstår trykk på (-)ish som kontrastivt. Det verkar rimeleg at dersom eit avleiningssuffiks eller bøyingsuffiks kjem utanfor (-)ish, kan det få bitrykk. Eg har berre eitt døme der det kjem ei eining etter (-)ish, og det er ei bøyingsending:²⁶

- 2: Ludvigsen Gaute Ludvigsen (Gautokeino/Gautomatikk Band) spiller akustisk(ish)e julesanger mest egnet for folk som tar seg en tur på byen lille-juleaften.

Her kan (-)ish få bitrykk, men ikkje hovudtrykket i ordet, som eg vil leggje på -kust-.

I 31 er eg usikker på om (-)ish er eit ord eller eit suffiks, men her kjem det utanfor suffikset -aktig, som eg vil gje bitrykk. Hovudtrykket vil eg leggje på May-:

- 31: Brølte når de tok bilder, «Metro Goldwyn Mayer»aktig(ish).

Dersom (-)ish er eit suffiks, vil eg ikkje gje det trykk, men om det er eit ord, vil eg gje det trykk etter ein pause (jf. prosodi). Som sagt kan det tenkast at dersom ein hadde hatt døme der det kom ei eller fleire einingar etter (-)ish som suffiks, kunne (-)ish fått hovudtrykket til ordet.

4.4.2 Produktivitet og (-)ish

I 2.1.8 såg eg på Rochelle Liebers (2010) faktorar for produktivitet. I dette delkapittelet kommenterer eg desse i lys av døma mine.

Nydanningane med (-)ish i norsk er i høg grad gjennomsiktige på formsida. Som vi har sett, er (-)ish i hovudsak skilt frå medkonstituenten med mellomrom, bindestrek, apostrof og liknande. Dette kan tyde på at skrivarane framleis ser på (-)ish som noko framandt. Likevel må det nemnast at eg har funne døme på at det konvensjonaliserte -aktig også opptrer skilt frå medkonstituenten med bindestrek og mellomrom.²⁷ Uttalen av (-)ish blir ikkje påverka av medkonstituenten eller etterfølgjande ord, og meininga er som er forventa.²⁸ I norsk, i motsetnad til engelsk, kan ein ikkje seie at uttrykka har blitt leksikaliserte, men uttrykksmåten der kvantorar og tideinngar er medkonstituent, kan nok sjåast på som delvis konvensjonalisert.

²⁶ Dette kjem eg meir inn på i 4.4.3

²⁷ Som eg var inne på i 3.4.

²⁸ Underforstått at ein er kjend med uttrykksmåten frå engelsk eller norsk.

Sidan materialet har ei slik breidd, verkar det rimeleg å sjå på (-)ish som nyttig. Vidare, som vi skal sjå i kapittel 5, finst det nydanningar med (-)ish som ikkje enkelt let seg skrive om til meir konvensjonell norsk. Det kan sjå ut til at (-)ish i nokon grad fyller eit funksjonelt hol.

Som vi har sett, opptrer (-)ish med ei rekke ulike typar medkonstituentar, og dette gjer det mogleg med mange nye danningar, noko som er fremjande for produktiviteten. Lieber nemner også at avgrensing av basetypar som kan opptre med eitt affiks er ein faktor som kan verke hemmende på produktiviteten. Det er openbert at (-)ish ikkje kan knyte seg til ord som er meir funksjonelle, som pronomen, preposisjonar, konjunksjonar og subjunksjonar. Vi har også sett at (-)ish i liten grad knyter seg til verb. Når det er sagt, ville eg ikkje ha reagert på ein konstruksjon som *?No skal eg inn på lesesalen for å jobbeish*. Det er vanskelegare å godta *??No skal eg inn på lesesalen for å jobbeish med masteroppgåva*, medan *no skal eg inn på lesesalen for å jobbe med masteroppgåva*. Ish går greitt. Dette kan vere ein indikator på at (-)ish i tilknyting til verb må sjåast på som eit sjølvstendig ord.

Når ein ser på alle dei ulike typane av medkonstituentar (-)ish kan opptrer med, verkar *Unitary Base Hypothesis* (jf. 2.1.7) altfor sterkt. Som eg også kjem inn på i kapittel 5, er det ikkje rimeleg å sjå på (-)ish som homonymt sjølv om det opptrer med mange ulike medkonstituentar. Likevel kan det innvendast at (-)ish opptrer både som ord og suffiks, og at det ikkje alltid er like greitt å skilje dei to typane frå kvarandre, og at det difor ikkje er ei relevant innvending mot hypotesen.

Det ser ikkje ut til at det ligg etymologiske avgrensingar på nydanningane. Døma mine har medkonstituentar av norsk (også konvensjonaliserte lån som *OK*, *lasagne* og *perfekt*), engelsk og fransk opphav.

(-)ish fyller altså alle kriteria for produktivitet og har få avgrensingar.

4.4.3 Bøyingsendingar og (-)ish

Som vi var inne på i 2.1.2 seier *Norsk referansegrammatikk* at bøyningssuffiks kjem utanfor avleiningssuffiks (Faarlund et al. 1997: 58). Vanlegvis er rekjkjefølgja: stamme/base + avleiningssuffiks + bøyningssuffiks. Nokre av døma mine avviker frå denne rekjkjefølgja: stamme/base + bøyningssuffiks + avleiningssuffiks:

58: Når alle er helt enige. Det vil si, enig-ish. Litt sånn omtrent. Temmelig uenige, men i nabofylket til enige, i alle fall, tja

170: Jeg har noen hvite ish prikker/ uthevelser rett under penishodet, på vær side av strengen som er under penishodet.

- 231: Deilige boller som kan gjøres litt sunne-ish
- 232: Beatles - er det egentlig noe å diskutere? (OBS! Spoilere-ish)
- 2: Ludvigsen Gaute Ludvigsen (Gautokeino/Gautomatikk Band) spiller akustisk(ish)e julesanger mest egnet for folk som tar seg en tur på byen lille-juleaften.
- 146: Skadet minnekort [løst-ish]
- 25: Det skal være gjenkjennbart hvilket verk vi spiller. Ish. Gjenkjennbart-ish.²⁹
- 237: SJEFEN ISH..
- 165: Reiseruten. Ish.

I 58 er *enig* først i setninga bøygd kongruerande til *alle*. Når det så blir tatt opp att i neste setning, har skrivaren ikkje bøygd med fleirtalsending korkje før eller etter *(-)ish*.

I 170, 231 og 232 kjem *(-)ish* etter ei fleirtalsbøyning, i motsetnad til i 2, der brukaren meir eller mindre bevisst nyttar kongruensregelen når han brukar *(-)ish* som eit suffiks, og har plassert uttrykket innanfor bøyingsendinga. Det er vanskeleg å seie om dette tyder på at *(-)ish* er kome meir «inn» i norsk, eller om det berre tyder på at somme har betre språkkjensle enn andre.

I 146 kjem *(-)ish* etter eit nøytralt partisipp, og i 25 eit nøytralbøygda adjektiv.

I 237 og 165 kjem *(-)ish* etter ei bestemt bøyning.

I alle desse døma, så nær som 170 og 2, kan *(-)ish* uttalast med eige trykk. I 58 og 25 blir trykket oppfatta som kontrastivt ved leseprøver, medan det i dei øvrige døma kan oppfattast som eit trykk som markerer sjølvstende. Difor er det ikkje urimeleg at ein kan sjå på desse øvrige som sjølvstendige ord. Som eg var inne på i 4.4.1, kan ikkje *(-)ish* i døme 2 få noko anna enn bitrykk, og som nemnt ovanfor, følgjer det ein konvensjonell orddanningsregel. I 170 er det vanskeleg å sjå på *(-)ish* som noko anna enn eit avleiningssuffiks. Dersom det får eige trykk, oppfattar eg at det knyter seg til *prikker*. Dersom ein forsøker å flytte det til etter *prikker*, oppfattar eg at det står til heile substantivfrasen *hvite prikker*, og då er det også rimeleg å sjå på det som ei moderering av *prikker*. Eg oppfattar at det er fargen som skal modifiserast, så her må ein truleg godta at avleiningssuffikset kjem etter eit bøyningssuffiks.

4.4.4 Mengdeeiningar og *(-)ish*

Når *(-)ish* kjem etter ei mengdeeining er det ikkje mengdeeininga som skal modifiserast, men kvantoren som kjem før denne. I desse døma kan ein seie at *(-)ish* og medkonstituenten

²⁹ Mi understrekning.

opptrer «scattered», og at (-)ish difor bør reknast som eit ord. Men to av dei er knytte til mengdeeininga med ein apostrof eller ein bindestrek, så desse minner meir om avleiingssuffiks, som modifiserer heile frasen. I dei fire første døma oppfattar eg at (-)ish kan ha sjølvstendig trykk. I dei tre siste derimot, verkar (-)ish meir som ein del av attributtet. Om ein legg trykk på (-)ish i desse døma, kan det då bli oppfatta som om (-)ish opptrer med det *etterfølgjande* ordet.

- 150: 1200GRAM ISH
- 205: kjøp ram brikker fra komplet.no, ligger på 200 kr ish og er så sinnsykt lett å bytte
- 211: Hvor mye er det snakk om? 25 meter ish
- 212: Hvor mye er det snakk om? tja 20 til 25 meter ish :)
- 136: Kjøpe 4" (ish) fulltone i Norge
- 119: Komplett 25-50ccm'ish bensinmodell ønskes kjøpt
- 240: 78L-ish "vanlig" kjele" + blingmann perforert bunn?

4.4.5 Språknamn/nasjonalitetsnamn og (-)ish

Det er nokre språk/nasjonalitets/kulturnamn i materialet mitt. I nokre av døma kjem (-)ish utanfor -sk-endinga, i andre har (-)ish erstatta -sk-endinga.

- 101: Marokkansk-ish gryte i trykkoker
- 102: Gesk-ish lammegryte
- 123: Eit eventyr (på nynorsk-ish)
- 96: Indi-ish kyllingsalat med madrascurrydressing
- 4: Foreløpig brainstormet: «Rusefeiring», «Russ-ish rulett».
- 10: VIL LÆRE BARNA ENGEL-ISH

I 101 og 96 ser vi at brukarane ynskjer å nytte nasjonalitets/kultur-adjektiva for å skildre gryta og salaten. I *Marokkansk-ish* har skrivaren behalde -sk -endinga, medan i *Indi-ish* har skrivaren fjerna denne, og lagt til -ish. I begge døma handlar det om ‘mat som minner om utanlandsk mat’. I *Indi-ish* er -sk er fjerna. Det kan verke som om denne skrivaren er språkmedviten, og ikkje likar å ha to suffiks etter kvarandre som i utgangspunktet tyder det same, sjølv om tolkinga likevel hallar mot ‘-aktig’.

I 4 er det mogleg at ein kan sjå på dette dømet som noko metaprega. Det spelar på uttrykket russisk rulett, men handlar om russefeiring. Det kan verke som om skrivaren har tenkt på

(-)ish som noko nytt, og meir bevisst enn i dei andre døma mine har brukt det som del av språkleg leik, heller enn at det er «autentisk bruk».

10 er eit døme som er henta frå ein bilettekst. Det er truleg difor setninga manglar subjekt. Dømet spelar på at prinsesse Märtha Louise flytta til England med familien, og det faktum at ho har starta ein engleskule. Desse språknamna som er med i materialet (og helst dette siste) er kanskje ikkje relevante for det eg har leita etter, då det mest er ordspel som neppe har noko med «den nye» (-)ish-bruken i norsk å gjere. Som i 96 er den norske -sk-endinga fjerna i både 4 og 10.

10 og 123 er dei einaste «språknamna», der dei andre døma meir er retta mot det kulturelle. I 123 kjem (-)ish utanfor -sk-endinga, og her, som i 101 og 102, ser det ikkje ut til at skrivaren har vore medviten om slektskapet mellom desse suffiksa.

4.5 Oppsummering

I den grammatiske analysen er ein i stor grad avhengig av konteksten for å avgjere kva for ordklasse ein skal plassere både medkonstituenten og det heilskaplege uttrykket i. I mange av døma har ein berre ei overskrift å sjå på, og då kan det vere vanskeleg å bestemme om skrivaren til dømes har meint at heilskapen er eit attributt i ein substantivfrase utan kjerne, eller om det skal sjåast på som eit substantivisk element.

I dette kapittelet har vi sett at (-)ish kan opptre med ei mengd medkonstituentar, og at heilskapane har mange ulike grammatiske funksjonar. I hovudsak oppfører (-)ish seg som eit avleiningssuffiks som dannar adjektiv, men i nokre døme er det vanskeleg å avgjere om (-)ish er eit ord eller eit suffiks. I nokre heilt få døme kan ein slå fast at ish er eit ord.

Ved ei jamføring av Martin Haspelmaths (2002) kriterium for frie og bundne morfem med materialet mitt, ser ein at (-)ish fungerer både som ord og suffiks.

Like eins har ei jamføring med Rochelle Liebers (2010) faktorar for produktivitet vist at (-)ish i norsk oppfyller desse, og at det er heller få avgrensingar på bruken av det.

5 Semantisk analyse

I dette kapittelet ser eg på semantikken til *(-)ish*. Ettersom uttrykket opptrer med ei mengd ulike medkonstituentar i ulike grammatiske funksjonar, er det rimeleg å sjå på *(-)ish* som eit polysemt og heterosemt element. Når *(-)ish* opptrer med til dømes både kvantorar og adjektiv, er det grunn til å seie at uttrykket har ulikt semantisk, men likevel nærskyldt innhald. Eg har valt å gå ut ifrå dei grammatiske heilskapane (medkonstituent + *(-)ish*) utgjer, på same måte som i det føregåande kapittelet, men i dette kapittelet blir ikkje inndelinga like nyansert. Eg ynskjer å finne nokre større, overordna tydingsgrupper for *(-)ish*, som eg då meiner er eit polysemt og heterosemt uttrykk; altså at *(-)ish* overordna har ei form for felles innhald som blir realisert med variantar av denne overordna tilnærnings- eller svekkingsforma.

Ein semantisk gjennomgang av materialet byr på nokre utfordringar. Dette er fordi *(-)ish* i norsk ikkje har etablert seg så tydeleg, og det er så nytt at det ikkje opptrer på ein ryddig måte. *(-)ish* har kome frå engelsk og har tatt med seg mykje av bruksmönsteret derfrå, men i tillegg opptrer det med bruksmåtar der ein ikkje openbert kan dra parallelar til engelsk. Det kan vere lite føremålstenleg, og ikkje heilt, rett å prøve å omsetje *(-)ish* i dei ulike bruksmåtane direkte, då ein ikkje kan vite sikkert at tolkingane ein gjer, svarar til dei nyanske brukarane har hatt i tankane, då dei skrev døma eg har samla inn. Dessutan er det ikkje heilt rimeleg å snakke om omsetjing, då vi har tatt inn eit nytt språkleg element og tatt det i bruk med den uttalen og mykje av det bruksmönsteret det opphavleg hadde i kjeldespråket. Difor bør ein kanskje heller seie noko om alternative uttrykksmåtar i norsk. Der ein kanskje tryggast kan dra nokså direkte parallelar til engelsk, er i dei døma der *(-)ish* opptrer med kvantorar og tidspunkt. Her kan ein kanskje snakke om eit direkte og ubehandla lån frå engelsk. Men som vi har sett i det føregåande kapittelet, har vi nokre bruksmåtar som er vanskelege å tolke sikkert grammatiskt; for dei døma der *(-)ish* er brukt til substantiv og det nye ordet framleis er eit substantiv (eller i alle fall har ein nominal funksjon), er det til dømes vanskeleg å dra parallelar til engelsk, då denne bruken ikkje ser ut til å vere vanleg der. Dette ser vi nærmare på nedanfor.

Som vi har sett i det føregåande kapittelet, har Kuzmack (2007) og Morris (2009) arbeidd med å finne nokre hovudtrekk for den nyare bruken av *(-)ish* i engelsk. Historisk sett har *(-)ish* si rolle vore å lage nasjonalitetsadjektiv, og vidare avleiingar av nokre få animate substantiv. Seinare har bruken blitt utvida til også å lage nye adjektiv av eksisterande adjektiv.

I dag er produktiviteten til (-)ish stor i *ad hoc*-formasjonar, og det er ein mindre grad av leksikalisering av (-)ish-uttrykk.

(-)ish, slik det er kome til norsk, opptrer som ein tilnærmar til medkonstituenten, og blir lagt til for å modifisere innhaldet til denne. Kuzmack (2007) snakkar om kvalifiserings-*ish* og samanliknings-*ish*. *Ish2* blir lagt til generiske substantiv for å lage adjektiv ‘som liknar’ og ‘av naturen til’ X. *Ish3* blir lagt til adjektiv, ‘noko liknande som’ eller ‘tilnærma’ X. *Ish3* blir også lagt til adverb, som *soonish*. «Both involve a comparison, but *ish2* emphasizes the similarity, whereas *ish3* emphasizes the lack of equivalence.» (Kuzmack, 2007: 2.)

Morris (2009) framhevar også den semantiske nyanseforskjellen mellom (-)ish som opptrer med adjektiv, og (-)ish som opptrer med substantiv.

I norsk har det, ut ifrå min kjennskap, ikkje blitt gjort ein analyse av (-)ish, difor er det rimeleg å dra parallelar til den framleis heller avgrensa forskinga på den nyare bruken av (-)ish i engelsk. Det er den som ser ut til å ha kome inn i norsk, altså den vide bruken av *ad hoc*-formasjonar, og den tilsynelatande litt meir konvensjonaliserte bruken av (-)ish til uttrykk som inneheld ein kvantor. Det eg har funne av omtale av (-)ish i norsk, er oppføringa av *ish* som ord og -ish som suffiks i nyordboka til *Det norske akademiske store ordbok* (NAOB) på nett:

■ ish adverb omrentlig

ish adverb

UTTALE [iʃ̩]

ETYMOLOGI fra eng. adv. *ish*, til suffiks *-ish*; se [-ish](#)

BETYDNING OG BRUK

MUNTLIG omrentlig

SITATER

- jeg er veldig «ish» på tiden (*Rana Blad* 19.10.2013/26)

Publikasjon: [Det Norske Akademis Store Ordbok](#)

[Send en kommentar til denne artikkelen.](#)

■ -ish suffiks -aktig, omrent, rundt, cirka

-ish suffiks

ETYMOLOGI fra eng. *-ish*

BETYDNING OG BRUK

1 MUNTLIG -aktig

SITATER

- [hun] har kort, svart skinnjakke. Er vever, litt mystisk, litt Edith Piaf-ish (*Dagens Næringsliv* 14.09.2013/98)
- kontoret hennes er typisk professor-ish. Typisk Bindern. Hyllemertere med faglitteratur. En forskerpris i vindus-karmen. Saab-nøkler på skrivebordet. Ei korktafel overfylt av post-it-lapper (*Dagbladet* 19.10.2013/del 2/20)
- [spill]grafikken var «søt» og veldig tegneserie-ish (*gamereactor.no* 31.03.2014)

2 MUNTLIG, OM TID, ALDER omrent; rundt; cirka | jf. [ish](#)

SITATER

- på norske klubber er det african time; ting begynner når de begynner, ingen vet helt når. Ikke publikum, ikke arrangøren, ikke bartenderen, ikke engang artisten. 21-ish blir 22-ish blir 23-ish (*p3.no* 09.11.2012)
- jeg har sett et bilde av ham [Jens Stoltenberg] der han løftet vekter når han var 20-ish. Han var kjekk (*bt.no* (*Bergens Tidende*) 15.03.2014)

Publikasjon: [Det Norske Akademis Store Ordbok](#)

[Send en kommentar til denne artikkelen.](#)

Illustrasjon 5.1. Oppføringane av *-ish* og *ish* i NAOB si nyordliste på nett.³⁰

Her ser vi at ordet blir klassifisert som eit adverb som betyr ‘omrentlig’, og at suffikset betyr ‘-aktig’ og ‘omrent’, ‘cirka’ og ‘rundt’. Her er det presentert eit lite utval av døme, så det er ikkje så rart at NAOB har valt å «omsetje» suffifikset til «-aktig». Ut ifrå mitt materiale, derimot, blir dette ei svært snever tolking. Eg har funne ei mengd døme der (-)ish ikkje er synonymt med *-aktig*. Nokre stader er det meir rimeleg å seie til dømes *ein/eit/ei slags, på ein måte* eller *liksom*. Dette kjem vi nærmare inn på seinare i kapittelet. Vidare seier dei ikkje noko om kva for ordklasse nydanningane med (-)ish tilhøyrer. Dømet dei har brukt som belegg for *ish* som ord, ville eg heller ha klassifisert som eit adjektiv grunna den predikative bruken (jf. 4.2.2.2). Hadde ein bytta ut *jeg* med *vi* og brukt *omrentlig*, ville det ha stått *vi er veldig omrentlige på tiden*, altså ei kongruerande bøyning av predikativet. At (-)ish har fått plass i

³⁰ <http://www.naob.no/search?search=ish&lang=no>

Nyordboka, vitnar likevel om at uttrykket blir sett på noko som er etablert eller er i etableringsfasen i norsk.

5.1 Heilskapen er adverbial

Grunnen til at eg har valt å presentere denne bruken først i den semantiske analysen, er at eg har inntrykk av at bruken med klokkeslett (og også andre uttrykksmåtar som inneheld ein kvantor, sjå neste delkapittel), er den som er mest konvensjonalisert og mest brukt i tale. I den adverbiale bruksmåten finn ein klokkeslett, datoar og årstal. I tillegg har vi nokre av dei døma der det kan vere rimeleg å sjå på *ish* som eit ord. Eg har nokre preposisjonsfrasar i materialet mitt der (-)ish er ein del av utfyllinga, og ikkje modifiserer heile det adverbiale uttrykket. Vel å merke i nominal funksjon (utfylling) men likevel adverbial jf. at slike uttrykk kan vere sjølvstendige tidsadverbial. Dei andre preposisjonsfrasane der utfyllinga er nominal, blir ikkje handsama i dette underkapittelet.

I døma under, og i liknande døme i materialet mitt der medkonstituenten er klokkeslett, dato og årstal, oppfører (-)ish seg som ein svekkjar. Føremålet er å gjere tidsnemninga mindre presis. Det er mellom anna denne bruken NAOB skriv om til ‘omtrent; rundt; cirka’. Dette er omskrivingar eg synest er treffande.

69: Vi lå i senga til ti-ish. En helt nydelig morgen. (Klokkeslett)

152: Kongsvinger og sørover (Sandeford?) 15. mars(ish)? (Dato)

234: Aragon Palladium fra 1994 ish... (Årstal)

Når ein får presentert eit (-)ish etter ei ytring (fullstendig eller ufullstendig),³¹ er føremålet til uttrykket å modifisere heile ytringa. I døma mine oppfører (-)ish seg som eit adverb som kan skrivast om til *liksom* eller *på ein måte*.

165: Reiseruten. Ish.

139: DIY: Skappelgenser – åja, vi strikker også..ish!

100: Ettersøkt pedofil knyttes til døde barn –ish

24: Det skal være gjenkjennbart hvilket verk vi spiller. Ish. Gjenkjennbart-ish.

³¹ I dette kapittelet tar eg ikkje stilling til klassifiseringa av desse (-)ish som ord eller suffiks.

5.2 Heilskapen er ein kvantor

Ein del av døma mine har ein kvantor som medkonstituent, og dei fleste av desse held fram med å vere ein kvantor etter at *(-)ish* er lagt til. Alle døma handlar om noko omtrentleg. Å kalle *(-)ish* for ein tilnærmar i desse døma, verkar rimeleg. Vi skal sjå på nokre få døme:

- | | | |
|------|---|------------|
| 194: | Av 250-ish deltakere var 50-ish av dem kvinner. | (Mengd) |
| 118: | Søker webdesigner til design av 30-ish nettsider | (Mengd) |
| 174: | skummadrass 1200*2000*30 ish. tjukkas/gymmaddras til unge rekruktene i Grenland | (Storleik) |
| 119: | Komplett 25-50ccm'ish bensinmodell ønskes kjøpt | (Storleik) |
| 204: | 8GB RAM koster uansett ikke 200'ish fra Komplett etc | (Kostnad) |
| 150: | 1200GRAM ISH | (Vekt) |

5.3 Heilskapen er adjektivisk

Den vanlegaste bruken i mitt materiale er den der *(-)ish* blir lagt til eit substantiv (appellativ), proprium eller eit adjektiv, og uttrykket til saman blir eit adjektiv. Denne bruken samsvarar godt med den engelske. Det er denne bruksmåten NAOB har forklart med *-aktig*. I engelsk snakkar Kuzmack om to litt ulike typar samanlikning, og Morris om tilnærming. Morris seier at dei leksikaliserte uttrykkka der eit substantiv er medkonstituent, skil seg frå dei der adjektiv er medkonstituent. Ho snakkar om *(-)ish* som ein *abstractor* (Morris, 2009: 210). Eg forstår henne slik at *(-)ish* her dreg ut dei framståande trekka ved substantivet, noko som skil seg meir frå dei bruksmåtane der eit adjektiv er medkonstituent. Morris skriv: «**Adjectival bases + -ish result almost unfailingly in a nuance of approximation or attenuation, in a watering down of the quality represented by the adjective.**» (Morris, 2009: 210, mi uthaving.) Dette samsvarar godt med det Kuzmack skriv om *ish3*: at det vektlegg mangelen på likskap (Kuzmack, 2007: 2).

Sjølv om adjektiv og substantiv blir ulikt modifiserte av *(-)ish* kan bruksmåten der *heilskapen* er adjektivisk, få den overordna tydinga ‘som minner om’.

5.3.1 Det adjektiviske uttrykket med modifiserar

I ein del av døma mine har det adjektiviske uttrykket ein modifiserar. Morris omtalar dette i analysen sin: «While *-ish* adjectives with a nominal base take intensifiers quite readily, (e.g. *very sheepish, truly fiendish, pretty ghoulish* etc.), adjectivally-based *-ish* adjectives refuse most attempts at intensification (e.g. ??*very oldish*, ??*truly tallish*.)» (Morris, 2009: 210)

Dette stemmer med mitt materiale. Dei få døma³² eg har der medkonstituenten er adjektivisk og uttrykket opptrer med ein modifiserar, ser ut til å bere preg av at teksten skal vere litt flåsete i tre av fire døme:

- 32: tilbyr noe friskt i en sjanger som ofte kan bli litt for tonika-subdominantdominant-ish, hvis du skjønner hva jeg mener
- 74: - Ja, for du har jo litt slik brun-ish farge frå før.
- 75: - Litt slik brun-ish, sa Michelle.
- 231: Deilige boller som kan gjøres litt sunne-ish

I 32 er heile det samansette adjektivet ganske så vanskeleg å tolke, så (-)ish tilfører kanskje ikkje så mykje uansett. 74 og 75 er henta frå den same teksten, der (-)ish-uttrykk er ein gjengangar i fleire døme. Denne teksten er ganske kåserande i stilten, og handlar om eit frisørbesøk. I 231 kan vi seie at uttrykksmåten ber preg av pleonasme når skrivaren har tatt med både *litt* og *(-)ish*.

5.3.2 Medkonstituenten er eit substantiv

Eg har flest døme der substantiv + *(-)ish* blir eit adjektiv. I alle desse døma ser det ut til at ein kan skrive uttrykket om til substantiv + ‘-aktig’ eller ‘-liknande’ utan at innhaldet blir vesentleg endra. I dei av døma der medkonstituenten er engelsk (eller nyare innlånte substantiv frå engelsk der skrivemåten er fornorska), kan det vere at heile uttrykket er lånt inn, og at det ikkje er snakk om nydanningar i norsk, til dømes ein del sjangrar innanfor musikk og film. Eg synest det er rimeleg å snakke om *(-)ish* som ein tilnærmar i døma der substantiv + *(-)ish* blir eit adjektiv, og det ser ut til at bruksmåten er identisk med den engelske, altså at dei framståande trekka ved denotasjonen til substantivet er essensen i det nylaga adjektivet. Vi skal sjå på nokre døme:

- 90: Julebord-ish anthem fra Sisi?
- 111: Støvel-ish sko i str 20-21?
- 54: - Også spiller jeg dobro. Det er en gitar-ish ting, men man kan slide på den også.
- 60: Rytmisk tung, melodisk veldig lett. Men med boyband'ish refreg skreddersydd for stemmekapring.
- 1: Drittentst, personlig, lavmælt og indie-ish drama om ei berte som blir fanget inn i en ekkel, religiøs sekt langt ute på landsbygda.

I 90, 111 og 54 ser vi døme på nylagingar i norsk, medan det i 60 og 1 kan tenkjast at *heile* uttrykket er lånt inn.

³² Der *(-)ish* tydeleg opptrer som suffiks. I to av desse døma er *ish* openert eit sjølvstendig ord, så dei er ikkje tekne med her.

5.3.3 Medkonstituenten er eit adjektiv

I desse døma snakkar vi altså om adjektiv, som hovudsakleg viser til ein framståande eigenskap. Når (-)ish blir lagt til, blir denne eigenskapen svekt. Då kan det vere rimeleg å snakke om (-)ish som ein markør av avstand til innhaldet i medkonstituenten. Også her finst det døme der medkonstituenten er engelsk, så det er mogleg at det er heilskapen som er lånt inn.

- 2: Ludvigsen Gaute Ludvigsen (Gautokeino/Gautomatikk Band) spiller akustisk(ish)e julesanger mest egnert for folk som tar seg en tur på byen lille-juleaften.
- 17: historien er OK-ish og selve spillmekanismene er minst ti ganger bedre implementert enn hva de var i det første spillet i serien eller i «Aralon»
- 39: Prøver fortvilt å være rutinert-ish i en anners kaotisk hverdag.
- 51: En sterkt helhetlig plate, med fine indierock-melodier kombinert med en unik-ish vokal og god lyrikk utgjør terningkast fem på terningen fra Filters anmelder.
- 58: Når alle er helt enige. Det vil si, enig-ish. Litt sånn omtrent. Temmelig uenige, men i nabofylket til enige, i alle fall, tja
- 31: Brølte når de tok bilder, «Metro Goldwyn Mayer»-aktig(ish).
- 43: Slik sett er Rega RP8 en av de high-end (-ish) spillerne som gir deg absolutt mest musikkglede for pengene.
- 144: Dagens dobbel (NSFW'ish)³³

I desse døma er det ikkje eintydig at (-)ish kan skrivast om til -aktig. I 31³⁴ har skrivaren brukt både -aktig og ish. Det kan tyde på at vedkomande oppfattar ein nyanseforskjell i desse to måtane å uttrykke seg på. I døma over ville eg sjølv ikkje ha nytta -aktig om eg skulle ha skrive om (kanskje med unntak av 144 og 43). I 2 synest eg det er vanskeleg å finne ein god omskrivingsmåte der det semantiske innhaldet, eller det grammatiske for den del, ikkje blir endra. I 17 og 51 ville eg ha gått for noe (engelsk ‘somewhat’). I 58 kunne ein kanskje ha skrive om til nesten enig(e). I dette dømet glir ein frå at dei er helt enige til temmelig uenige, Ut ifrå plasseringa av (-)ish her ser det ut til at dette er ei svakare svekking enn litt i skrivaren si oppfatting. I 39 ville eg ha skrive om til på en måte og også i 43 og 144, men i desse to siste er det også mogleg å tenkje seg at heile uttrykket er ferdig lånt inn.

³³ NSFW tyder, ifølgje Urban Dictionary på nett, ‘not safe for work’, og blir brukt til å markere overskrifter på nettsaker med upassande innhald, som ein bør vente med å opne til ein ikkje er på arbeidsstaden.
<http://www.urbandictionary.com/define.php?term=NSFW>

³⁴ Dette dømet kunne eventuelt ha blitt plassert mellom propria, men sidan -aktig er ein del av medkonstituenten, har eg tatt det med mellom adjektiva.

Det er også fleire døme i materialet mitt der adjektiv er medkonstituent og *(-)ish* kan skrivast om til *-aktig*. I hovudsak er det dei døma der ein har ein farge eller eit kulturnamn, som lettast kan skrivast om til *-aktig*. Her er nokre få døme på denne bruken:

- 220: og fylte på rød spylerveske i en gul/grønn ish som var i sykkelen fra før
- 197: Turkis-ish/grønn-ish/teal-ish som skifter til blått
- 101: Marokkansk-ish gryte i trykkoker
- 102: Gresk-ish lammegryte

5.3.4 Medkonstituenten er eit proprium

Ein god del av døma mine har eit proprium som medkonstituent. I alle desse døma er det uproblematisk å skrive *(-)ish* om til *-aktig* eller *-liknande*. Ifølgje Morris (2009: 211–212) er det høg produktivitet av proprium + *(-)ish* i engelsk: «In fact, proper noun + *-ish* adjectives rival adjective + *-ish* adjectives in terms of the facility with which they can be formed.» Ho seier vidare at så lenge både sendar og mottakar kjenner til referenten til propriet, er bruk av *(-)ish* mogleg (ibid).

- 6: 4 gutter bygger spark som skal være med på «ta sjansen-ish» arrangement i Oslo.
- 64: Jeg har litt sansen for "The Final Straw" og "Eyes and Faces" som gir meg en liten føeling av noe David Bowie-ish.
- 65: - Videoen blir litt Tarantino-ish.
- 62: Den hadde ikke trengt å være som Colosseum, men det hadde vært kult om den ble Klingenberg-ish.
- 20: Støyen av kakling og det estetiske nivået på gjestene er nærmest newyorkish, men køhåndtering og service er dessverre på norsk nivå.

Bruk av proprium som medkonstituent i adjektiv krev ikkje berre at ein kjenner til referenten til propriet, men substantivet som adjektivet modifiserer, bestemmer også kva for eigenskapar ved referenten til propriet som skal vektleggast. Her er det viktig å merke seg at dette også avheng av kva for type proprium det er snakk om. *Ta sjansen* er eit arrangement der dei sender merkelege farkostar ned ei sklie, og det er om å gjere å nå ei bjølle på kortast mogleg tid. Eigenskapane til denne referenten er få i samanlikning med til dømes ein person eller ein by. I 65 er det eigenskapane ved Tarantino som filmregissør og filmane hans som er aktuelle. Dersom nokon hadde sagt at ein person var *Tarantino-ish*, ville det ha vore meir rimeleg å tenkje på dei personlege eigenskapane til Tarantino. I 20 er det snakk om måten gjestene oppfører seg på på ein serveringsstad i Oslo. Då må ein naturleg nok tenkje på korleis gjester på serveringsstader i New York oppfører seg, og ikkje andre trekk som er typiske for byen.

Der eit appellativ er brukt som medkonstituent, er ikkje behovet for kontekst like stort som når eit proprium er i bruk. Sjølv om denotasjonen til eit appellativ kan ha mange framståande eigenskapar, er desse eigenskapane meir konvensjonelle enn dei referenten til propriet har. Det er klart at når ein nyttar kjendisar som referantar i propriet i (-)ish-uttrykket, er det mest sannsynlege at det er trekk som er knytte til det dei er kjende for som er det aktuelle, men når ein går ned på daglegdags basis og nyttar ein felles kjenning som referent, er ein avhengig av ein meir eksplisitt kontekst.

5.3.5 Andre typar medkonstituentar

- 45: - Jeg er veldig «ish» på tiden.
48: 50 Cent- konsert i kveld. Angrer som en hund på at jeg ikke pakket med meg genseren fra G-Unit da jeg flyttet fra Tromsø. Populær 2004-ish!
19: Jeg er vel sånn midt på-ish.
146: Skadet minnekort [løst-ish]

I 45 kan vi ikkje snakke om nokon klår medkonstituent, då *ish* tydeleg opptrer som eit sjølvstendig ord. Dette er det same dømet som NAOB har funne, og tydinga har vi vore inne på ovanfor.

I 48 er det truleg genseren som er *populær 2004-ish*. Her er det mogleg å tenkje seg at han er frå ‘om lag 2004’ eller at han er ‘2004-aktig’ i stilten. Det siste er kanskje det mest sannsynlege.

I 19 kunne ein ha skrive *sånn cirka midt på*, og i 146 kunne ein ha skrive (-)ish om til *på en måte*.

5.4 Heilskapen er nominal

Dette er ein måte å bruke (-)ish på som eg ikkje har funne omtala i litteraturen om det engelske (-)ish. Dei andre bruksmåtane vi har sett på ovanfor, har alle parallelar til engelsk. Korkje Zandwoort (1966), Kuzmack (2007) eller Morris (2009) nemner denne bruksmåten i engelsk. Pågåande forsking på (-)ish i engelsk ved Institutt for framandspråk, UiB (i samarbeid med Johannes Gutenberg-Universität, Mainz), står opp om forståinga mi av at ein ikkje lagar nye substantiv i engelsk ved å legge (-)ish til eit eksisterande substantiv.³⁵ Rett nok skriv Zandwoort (1966: 316, mi uthaving) «-ish may form **various nonce-words** from names of persons or things: *John Bullish, old maid-ish, honey-moonish, will-o 'wispish*, etc.» og viser til Jespersen (1942: 325), som igjen viser til New English Dictionary (no Oxford

³⁵ Munnlege samtaler med Kari Haugland og Dagmar Haumann ved Institutt for framandspråk, UiB.

English Dictionary) og siterer derfrå, men det ser ikkje ut til at denne spesielle substantivbruken blir nemnd her heller; det ser ut til at danningane er adjektiv:

In recent colloquial and journalistic use, *-ish* has become the favourite ending for **forming adjs.** for the nonce (esp. of a slighting or depreciatory nature) on proper names of persons, places, or things, and even on phrases, e.g. *Disraelitish*, *Heine-ish*, *Mark Twainish*, *Micawberish*, *Miss Martineauish*, *Queen Annish*, *Spectator-ish*, *Tupperish*, *West Endish*; *all-over-ish*, *at-homeish*, *devil-may-care-ish*, *how-d'yedoiish*, *jolly-good-fellowish*, *merry-go-roundish*, *out-of-townish*, and the like.

(OED online³⁶, artikkel frå 1900, mi utheving)

Sidan denne bruksmåten kan sjå ut til å vere utvikla i norsk, får dette delkapittelet ein god del fleire døme og ei fyldigare omtale av moglege tydingar.

138: Sti fra Store Tryvann-ish til Blankvann-ish?

158: Buorm, Fredrikstad(ish)

173: Stavanger-ish-folk!!

203: Fra Gjerdrum (Ved Gardermoen ish)

226: Folk i Tynset (ish) området?

Der (-)ish blir lagt til eit stadnamn, ofte som utfylling i ein preposisjonsfrase, er det rimeleg å skrive (-)ish om til *om lag*, *i nærleiken av* eller *-området*. Som vi ser i 226, har skrivaren heilgardert seg og skrive både *ish* og *området*, og eg oppfattar dette som ein pleonasme, eller kanskje som ei utviding av det som blir oppfatta som Tynset-området. I alle desse døma er det vanskeleg å sjå på heilskapen som noko anna enn nominal.

10: VIL LÆRE BARNA ENGEL-ISH

15: Alle snakker flytende manusforfatterish, med usannsynlig velplasserte punchlines og fasader som slår godt timede sprekker.

I 10 og 15 kan ein tenkje seg at dette faktisk er ei form for det Kuzmack kallar *ish1*, altså den eldste bruken der (-)ish blir lagt til namn på ei folkegruppe for å lage eit språknamn. I 10 er det nok fleire ting å ta tak i, som eg var inne på i det føregåande kapittelet: Prinsesse Märtha Louise flytta til England med borna sine, og då er det naturleg at dei skulle lære engelsk, men samstundes er det også eit ordspel som gjeld prinsessas engleskule. I 15 kunne ein like gjerne ha lagt til det etablerte, norske *-isk*, som etymologisk er det same suffikset som *-ish*. Her har ein laga eit nytt språknamn i ein filmomtale, som går på det å snakke eit veldig «perfekt» og kanskje unaturleg språk som ligg svært nær teksten i manus.

³⁶ <http://www.oed.com/view/Entry/99965>

At (-)ish opptrer som del av språknamn, må sjåast på som noko anna enn den (-)ish-bruken eg ville undersøkje i denne avhandlinga. I engelsk, som i norsk, er språknamn substantiv, og (-)ish vil, i desse døma, då ha eit innhald som ikkje er direkte nærskyldt med dei bruksmåtane som elles er omtala. Først og fremst ser det ut til at det blei lagt til for å lage adjektiv som skulle skildre etnisitet og/eller nasjonalitet. Bruksmåten vi ser på her, har då tydelegvis vore ein reanalyse av det *leksikaliserte* uttrykket, som då skulle gjelde språket som blei snakka av dei med denne etnisiteten/nasjonaliteten. Så (-)ish som del av eit substantiv finst i engelsk, men då i desse språknamna. Som sagt kjenner eg ikkje elles til at bruk av (-)ish som del av substantiv utover dette, som eg elles har funne i norsk, finst i engelsk.

53: "Å ikke ha et gjøremål blir betegnet som latskap. «Du har for god tid»-ish."

16: «Hanne-tid-ish» kaller jeg det.

I 53 og 16 er det litt meir samansette uttrykk. I 53 er det ei setning som er medkonstituent, og heilskapen er ein apposisjon til *latskap*, slik eg tolkar setninga. Eg vil skrive om substantivfrasen til *at du liksom har for god tid* (altså nominal tyding). Og *liksom* eller *på en måte* er omskrivingsforslag til *Hanne-tid-ish*.

160: Hverdag(ish)

I 160 har skrivaren sjølv, lengre nede i teksten, skrive «Er det ikke rart hvordan det blir en slags *hverdag* uansett hvor man er?». ³⁷ Eg synest ho då sjølv har forklart innhaldet i overskrifta.

27: Ha «ish-tid»

28: Den gylne regelen er å være tydelig, slik at de involverte er klar over ish-aspektet.

50: Være på ish-tid.

I desse tre døma har eg, i det føregåande kapittelet, sett på *ish-* som eit adverb. Eg har fått innspel som går på at *ish-* her kan sjåast på som eit eige substantiv, som i *sommartid* og liknande konstruksjonar. Heilskapen er uansett substantivisk, og (-)ish som føreledd i samansetjingar er også ein bruk eg ikkje har funne omtala i litteraturen om (-)ish i engelsk. Det ser likevel ut til at denne bruken finst i det engelske språket. Eit søk på *Google* viser at *ish time* er i bruk, og det er ikkje heilt få treff. Eg viser tre døme (det eine dømet er illustrasjon 5.2):

³⁷ <http://synneris.blogspot.no/2012/08/hverdagish.html>

Time, to man, is relative. During our Choir and Orchestra Mission Trip to Argentina, we developed a term, "ish time." We were often told to meet "noonish" or "sixish" which could mean almost anytime after the stated time.³⁸

I have ish time too but 90 min is kinda extream. My ish time is usaly a 10 min cushion around a time. Im usaly early for things but sometimes i say im going to be there by "5 ish" so i could be there early, on time, or 10 min late.³⁹

The Watch That Only Gives You Ish Time

We featured "The Whatever Im Late Anyway Designer Wrist Watch" a while and there was a lot of interest in it! So why be late when you are working to ish time! For instance one-ish, two-ish and so on, it is a great concept and being there on ish time must be much better than being late all of the time!



Illustrasjon 5.2. Ish time i engelsk.⁴⁰

Eg såg også etter konstruksjonar som *the ish aspect* (jf. 28: «Den gylne regelen er å være tydelig, slik at de involverte er klar over ish-aspektet.»), men dette var resultatlaust. Det er ikkje urimeleg at det finst fleire typar samansetjingar med *ish* som føreledd, men det er det ikkje rom for å undersøkje i denne oppgåva. Det som er interessant med denne observasjonen,

³⁸ http://www.larrywalker.org/index.php?option=com_content&view=article&id=148:august-2011&catid=58

³⁹ <https://www.facebook.com/ConnieandCurtis/posts/505823256109344>

⁴⁰ <http://techmash.co.uk/2013/02/08/the-watch-that-only-gives-you-ish-time/>

er at denne bruken ikkje er registrert i den litteraturen eg har undersøkt. Dette kan tyde på at bruken er lånt inn til norsk *før* han er oppfatta og registrert i den engelske forskinga på (-)ish.

I ein god del av døma mine har eg uttrykk for ein musikk- eller filmsjanger som medkonstituent. Som regel opptrer dei då som nye adjektiv der det er rimeleg å skrive (-)ish om til *-aktig* eller *-liknande*. I norsk språkkjensle er det ikkje like greitt å skrive om med desse adjektivsuffiksa når bruken er substantivisk.

52: - Vi er veldig spente før konkurransen, sier Hønefossbandet som har lagt hjerte og sjel i sjangeren country-ish, skal vi forstå dem riktig.

87: Følelsesladet blanding av post rock-ish, mørk melankoli, kokosnøtter og spaghetti-western.

Som i 160 ovanfor ville eg ha skrive om til *en slags*, men flyten i setninga blir ikkje like god, så det kan vere at vi her bør sjå på desse som døme på uttrykk som ikkje heilt godt let seg omskrive.

I nokre fleire av døma mine, som ovanfor, ville eg helst ha skrive desse om med eit adjektivisk suffiks, men som eg var inne på, passar dette heller därleg inn i den substantiviske bruken. Også her synest eg det er vanskeleg å skrive døma om til meir konvensjonalisert norsk. Dette gjeld 186, 232 og 233.

186: Paljett kjole/tunika-ish

232: Beatles - er det egentlig noe å diskutere? (OBS! Spoilere-ish)

233: horn med marsipan/ish inni

I 233 er det også vanskeleg å vurdere om (-)ish står som suffiks til *marsipan*, eller om det skal sidestillast med marsipan: ‘noko som minner om marsipan’. Og dette er ein viktig nyanseforskjell i (-)ish som del av substantiv og (-)ish som del av adjektiv. (-)ish som dannar adjektiv, vil ein ofte kunne skrive om til *som minner om X* medan (-)ish som dannar substantiv, då er **noko som minner om X**.

94: Anmeldelse(ish): Shevils – Lost In Tartarus

113: SELER - en guide - ish

229: Guide'ish; Selvpublisering

I 94, 113 og 229 synest eg det er rimeleg å skrive om til *en slags*. Dette kan også gjelde 214 – *et slags*, men her er heile setninga litt prega av uvisse, då dette dreier seg om ein omtale av ein draum, og der er situasjonane gjerne diffuse, så det kan også tenkjast at ein burde skrive om heile setninga, og seie *men vi var liksom på utflykt til et magisk slott* eller *vi var på utflykt til*

et magisk slott, på en måte. I 114 er det også litt usikkert om ein skal tenkje på det som ‘et slags nytt kommentarsystem’ eller ‘nytt kommentarsystem, på en måte’.

214: Men vi var på utflukt til et magisk slott ish.

114: Nytt kommentarsystem-ish

5.5 Oppsummering

I dette kapittelet har vi sett på ulike måtar å forstå innhaldet i *(-)ish* på. I dei døma der *(-)ish* er adverbialt, og/eller knytt til ein kvarter, skil bruken seg lite frå den engelske. Dette gjeld i stor grad også for den adjektiviske bruken. Det er ein forskjell på *(-)ish* brukt til substantiviske medkonstituentar og *(-)ish* brukt til adjektiviske medkonstituentar. Nyanseforskjellen ligg i eigenskapane til ordklassane. Referenten til eit substantiv, både appellativ og proprium, har fleire framståande eigenskapar. Spesielt gjeld det *propria*, som er meir situasjonsavhengige enn *appellativa*. Adjektiv viser gjerne berre til éin framståande eigenskap, og *(-)ish* fungerer då som ein avstandsmarkør. I dei døma der eit substantiv (appellativ eller proprium) er medkonstituent, fungerer *(-)ish* som ein tilnærmar, eller som ein framhevar av eigenskapane knytte til referenten til substantivet.

Korleis ein vel å skrive om *(-)ish*-uttrykka til meir konvensjonell norsk, avheng av konteksten, og ein må ty til ulike omskrivingar. Også i engelsk har *(-)ish* ulike nærskyldne tydingar, og også der må ein sjå på forskjellige ord og uttrykk for å skrive om døma.

I dei døma der *(-)ish* blir lagt til eit substantivisk uttrykk, og det framleis må sjåast på som eit substantivisk uttrykk, har vi ein bruksmåte som ikkje er påvist (ut frå min kjennskap) i engelsk (sett bort frå språknamn). Denne bruken fell kanskje innanfor det Andersen (2014) omtalar som pseudo-engelske konstruksjonar. Det er moglege omskrivingsmåtar til konvensjonell norsk i fleire av døma, men også ein del døme som ikkje heilt kan skrivast om på ein tilfredsstillande måte. Her fyller kanskje *(-)ish* eit funksjonelt hol i norsk (jfr. Heine og Kuteva, 2005).

(-)ish i norsk er både polysem (variantar av tydingar innanfor ein ordklasse) og heterosem (variantar av tydingar på tvers av ordklassane). Overordna tyder adjektivisk *(-)ish* ‘som minner om X’, medan *(-)ish* som dannar substantiv, då er ‘**noko** som minner om X’.

6 Oppsummering og konklusjonar

Denne avhandlinga har vist korleis det engelske ordet/suffikset *(-)ish* oppfører seg grammatisk og semantisk i norsk i uformelle skrivne tekstar. Det er grunn til å anta at bruksmåtane ein ser i døma som er presenterte, også er nokså representative for det talte språket. Dette er på grunn av at svært mange av kjeldetekstane er skrivne i ein svært munnleg stil. Likevel må ein ta etterhald for at det finst bruksmåtar som ikkje er kartlagde. Det vil vere vanskeleg å få eit fullstendig oversyn over bruksmåtar i norsk, sidan fenomenet framleis er ganske nytt. Det er også umogleg å svare på om *(-)ish* vil feste seg så godt i norsk at det vil bli verande «for evig tid». I materialet som er henta frå Mediearkivet (sjå vedlegg), er det enklast å danne seg eit inntrykk av bruksførekomstar over tid. Her kan ein sjå at det er få enkeltdøme tidleg på 2000-talet og at det gradvis aukar, litt i bølgjer, fram til 2011. Det er færre døme frå 2012, men i 2013 er det flest døme. For 2014 er ikkje talet endeleg sidan søket blei gjort 17. oktober 2014. Ein må ta etterhald for at kjeldetilfanget til Mediearkivet kanskje ikkje er like omfattande kvart år, men ein kan *antyde* at det ser ut til at bruken er i vekst i skrivne kjelder utan at dette kan seie noko om om det vil halde fram med å auke og feste seg.

Dersom ein skulle studere *(-)ish* i munnleg norsk grundigare, må ein nok be informantar gå med bandopptakarar over ein lengre periode. Vidare kan ein for skriftspråket gjere nye søk i fleire databasar og på nettet der ein søker inne i og i starten av ord.

I dette kapittelet vil eg forsøke å svare kort på problemstillinga og dei underordna forskingsspørsmåla som blei presenterte i innleiinga.

6.1 Kva for type uttrykk er *(-)ish*, og korleis oppfører det seg i norsk?

Denne problemstillinga har følgjande underspørsmål som til saman utgjer den overordna problemstillinga:

6.1.1 Kva tyder *(-)ish*?

I kapittel 5 gjekk eg gjennom døma sortert etter kva for ordklasse det heilskaplege uttrykket høyrd til. Den semantiske analysen blei jamført med semantiske omtalar av *(-)ish* i engelsk. I arbeidet med å finne overordna tydingar for dei ulike *(-)ish* såg eg på konvensjonelle omskrivingsalternativ i norsk. Overordna kan ein kalle *(-)ish* eit svekkings- eller tilnærningsuttrykk. Ein kan i faktisk og overført tyding seie at semantikken til *(-)ish* kan skrivast om til *som minner om X* og *noko som minner om X* (høvesvis adjektivisk og nominal tyding). Det svekkjer adjektiv, kvantorar og tidseiningar, og det oppfører seg som ein tilnærmar eller «abstractor» til substantiviske einingar. Tydinga til *(-)ish* i norsk stemmer godt

med det som er kartlagt for engelsk, men i norsk har vi også fått (-)ish-uttrykk som oppfører seg som nominal, og dette ser ut til å ikkje finnast i engelsk.

6.1.2 Er det eit ord eller eit suffiks? Kva for type ord eller suffiks i så fall?

(-)ish er eit avleiningssuffiks og eit sjølvstendig ord. Som avleiningssuffiks kan det opptrer med fleire typar frasar og ordklassar. Som ord opptrer *ish* som adjektiv eller adverb. Som vi var inne på i 5.4. er det mogleg å tolke *ish* i føreledd i samansetjingar også som eit substantiv.

I kapittel 2 såg vi på klitikon og affiksoid, men eg finn ikkje grunnlag for å plassere nokon av døma i desse kategoriene.

6.1.3 Kva for type ord og frasar opptrer (-)ish saman med?

Suffikset knyter seg til adjektiv og adjektivfrasar, substantiv (appellativ og proprium), substantivfrasar, preposisjonsfrasar, klokkeslett, datoar, årstal, kvantorar, setningar og verb.⁴¹ Sidan (-)ish kan opptre med så mange ulike typar av medkonstituentar, kan ein seie at det tyder på at *Unitary Base Hypothesis* er for sterk, men ein bør likevel ta med i betraktinga at ein kan innvende at hypotesen ikkje er relevant for (-)ish i norsk, sidan det i fleire døme er uklart om (-)ish skal reknast for å vere eit ord eller om det skal vere eit suffiks. *Ish* som ord står åleine etter ei ytring i alle døma så nær som eitt. Mi oppfatning er at det då står som eit adverb som modifiserer heile den føregåande ytringa. Der *ish* står som setningsledd, er det naudsynt at det står der for at setninga skal bli korrekt, og her fungerer det som adjektiv. Der *ish* står etter ytringa, kan det sløyfast utan at ytringa blir grammatisk ukorrekt.

6.1.4 Kva for funksjon har (-)ish?

I norsk har vi mange konvensjonelle uttrykksmåtar som kan erstatte dei ulike formene for (-)ish eg har funne. I nokre av døma er det likevel vanskeleg å finne ein uttrykksmåte som fullt og heilt får fram det innhaldet ein oppfattar at (-)ish representerer, og her kan vi kanskje seie at (-)ish fyller eit funksjonelt hol i norsk. I tillegg må ein i fleire av døma ty til fleire ord for å få fram ein nyanse som stemmer med det (-)ish skal tyde i dei einskilde døma, og då er det enkelt og greitt å nytte eit så kort og lite suffiks eller ord. Det at det kan opptre med så mange ulike typar medkonstituentar, er også med på å effektivisere språket og gjere det fleksibelt.

⁴¹ Eitt døme på ein perfektum partisipp. Elles er det eitt døme der (-)ish kjem etter ei setning og det er vanskeleg å seie om (-)ish skal vere eit ord eller eit suffiks. I tillegg er eit mogleg tolkingsforslag at (-)ish står til heile ytringa og ikkje berre verbet, som står lenger framme i setninga, og ikkje rett ved (-)ish.

6.2 Vidare forsking

Det vil vere interessant å undersøkje *(-)ish* innanfor fleire språklege disiplinar.

I engelsk er samansette ord gjerne særskrivne. Som eg har vore inne på fleire gonger i avhandlinga, skjer dette også nokre gonger i norsk. Det er verdt å nemne at eg, i samanlikninga av *(-)ish* og *-aktig*, har sett at ein del språkbrukarar også skil *-aktig* frå medkonstituenten med mellomrom, og somme med bindestrek (jf. 3.4). Eg kan ikkje seie sikkert at desse språkbrukarane oppfattar *-aktig* som eit sjølvstendig ord, men det er ei mogleg forståing av bruksmåten. Som vi såg i analysen, er *(-)ish* mange gonger plassert etter ytringa med eit mellomrom, og somme tider etter eit meir avsluttande teikn som punktum og liknande. Ein meir lausriven bruk av *-aktig* kjenner eg til i mitt eige talespråk, og *-aktig*, like eins som *(-)ish*, kan somme tider vere eit «ord» som eignar seg betre som svar enn ja eller nei. Ein analyse av ei mogleg avgrammatikalisering av *-aktig* i norsk, ville ha vore eit interessant tema for vidare forsking.

Då eg samla inn døma som skulle undersøkjast, fann eg ein del metatekstar der *(-)ish* var omtala. I hovudsak var desse negative. Nokre heilt få gjekk ut på at skrivarane ikkje kjende til bruken og lurte på kva det betydde. Dette såg eg òg att etter at eg hadde eit innslag på *Språkteigen* på NRK P2. Nokre av dei som då skreiv på Facebook-sida til programmet synte irritasjon over dette nye språkelementet. Difor kan språkhaldning ver ein aktuell disiplin å sjå nærmare på.

Vidare har eg fått ein del spørsmål om alderen til dei som nyttar uttrykksmåten. Det har eg ikkje kunne svara skikkeleg på, sjølv om eg har ei formeining om at brukarane i hovudsak er under 50 år. Nokre spør også om det er eit fenomen som er knytt til spesielle miljø. Det er mykje brukt knytt til musikk, film, mote og elektronikk, altså populærkulturelle tema ein gjerne oppfattar at ungdom og unge vaksne er opptekne av. Desse kontekstane som *(-)ish* hovudsakleg opptrer i, har eit innhald som ein kan seie verkar internasjonalt, altså at det er tema som vil vere meir eller mindre allmenngyldige globalt, i alle fall i den vestlege verda.

Korpus og søkjesider

Google Advanced Search: https://www.google.ca/advanced_search

Mediearkivet: <https://web.retriever-info.com/services/archive.html>

Norsk Aviskorpus: <http://avis.uib.no/avis/sok/sok>

Bibliografi

- Abdi, Guleed (2013) Den nye norsken: slangordbok, Oslo, Kagge.
- Andersen, Gisle (2014) Pragmatic borrowing. *Journal of Pragmatics*, 67, 17–33.
- Aronoff, Mark (1976) *Word formation in generative grammar*, Cambridge, Mass, MIT Press.
- Brinton, Laurel J. og Traugott, Elizabeth Closs (2005) *Lexicalization and Language Change*, Cambridge, Cambridge University Press.
- Cruse, D. Alan (2011) *Meaning in language: an introduction to semantics and pragmatics*, Oxford, Oxford University Press.
- Dixon, Robert M. W. og Aikhenvald, Alexandra Y. (2002) Word: a cross-linguistic typology. Cambridge, Cambridge University Press.
- Edvardsen, Silje (2012) "Vegg-til-vegg-teppe-fenomen" i Noreg: Frasesamansetjingar i norsk. Bergen, Universitetet i Bergen: Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. (Eksamensoppgåve)
- Enger, Hans Olav (2008) Unitary Base Hypothesis og norsk avledningsmorphologi. *Maal og Minne* 2, 189–212.
- Evans, Vyvyan og Green, Melanie (2006) *Cognitive Linguistics: An Introduction*, Edinburgh, GBR, Edinburgh University Press.
- Faarlund, Jan Terje, Lie, Svein og Vannebo, Kjell Ivar (1997) *Norsk referansegrammatikk*, Oslo, Universitetsforl.
- Fischer, Olga, Rosenbach, Anette og Stein, Dieter (2000) Pathways of change: grammaticalization in English. Amsterdam Netherlands, John Benjamins Pub. Co.
- Haspelmath, Martin (2002) *Understanding morphology*, London, Arnold.
- Hasund, Ingrid Kristine (2006) Slang, Oslo, Kunnskapsforlaget.
